



Nynorsk i integreringa

Eg håpar at fleire innflyttarar til Noreg vågar å utforska nynorsk, skriv James McDonald-Begg.

SIDE 9



Grunnskule på engelsk

Regjeringa må seie nei til internasjonale klasser i den offentlege skulen, meiner Noregs Mållag.

SIDE 10-11



Boknatta i Fjærland

Bli med på regnfull litteraturfestival ved Sognefjorden.

SIDE 16-19

Norsk Tidend


medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
september 2025

Driv vaksen- opplæringa på bokmål

42 nynorskkommunar underviser vaksne innvandrarar på bokmål. No skiftar Stranda og Etne til nynorsk, men berre halvparten av nynorskkommunane vel nynorsk i vaksenopplæringa.

SIDE 4-7



Illustrasjon: Tonje Thorstad Kildal

Nynorsken er avhengig av deg og meg

■ Dette nummeret av *Norsk Tidend* er skrive undervegs i valkampen, og kjem ut rett etter eit stortingsval som er lagnadstungt for nynorsken. No er det for seint å gjere noko med samansetjinga av Stortinget dei neste fire åra. Har høgresida vunne, må målrørsla mobilisere endå kraftigare for sidemålsordninga. Har venstresida vunne, må me framleis sikre viktige sigrar for nynorsken også i åra som kjem. Uansett utfall, er utviklinga for nynorsken dei neste fire åra vel så avhengig av deg og meg, som ho er av politikarane på Løvebakken.

■ Dette bladet rettar fokus mot språkval i vaksenopplæringa. Ei kartlegging på side 6–7 viser at nær halvparten av nynorsk-kommunane underviser vaksne innvandrarakar på bokmål. At kommunane Stranda og Etne no vil skifte frå bokmål til nynorsk som undervisningsspråk, kjem hovudsakleg av éin faktor: Langvarig og målretta engasjement frå lærarakar, kommunepolitikarar og lokale mållag.

■ Ofte er det enkeltpersonar det står på, om ein skal få gjennomført endringar; enkeltpersonar som står på stand, sender e-postar, skriv lesarinnlegg og treffer politikarar, og som veit å møte sviktande haldningar og kunnskapar med solide argument. I Stranda var det nettopp det som skjedde då kommunen nyleg gjekk over til nynorsk i vaksenopplæringa. Då svaret på kva som skulle til, var «Å bestemme oss», vart vegen plutselig kort frå ord til handling.

■ Innsatsen frå lokallaga som driv fram slike endringar, lyt vere til inspirasjon for heile målrørsla: Kva kan eg gjere? Kva kan vi gjere?

■ I sumar har dei sosiale media til mållaga i heile landet vore fylte av kampanjebilete, gode argument for sidemålsordninga, og ei lang rekkje blide, men målmedvitne medlemmer på stand og aksjon. De fortener alle ein stor takk. Dét engasjementet har vore avgjerande i valkampen, men kjem til å vere like viktig i tida etterpå.

■ Lenger ut i denne avisa finn du saker om mellom anna desse temaa: engelskspråkleg tilbod i den offentlege grunnskulen, språkbruken på universiteta, og eit oversyn over aktivitetane i dei nordlegaste lokallaga. Ein kan få inspirasjon til å starte bokklubb, og midt i bladet kan ein reise med meg til Boknatta i Fjærland.

■ God lesnad!

JÓGVAN HELGE GARDAR

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Jógvan Helge Gardar

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Når denne leiarteigen blir skriven, er det tre veker igjen til valdagen. Når du les han, er valresultatet klart. Korleis kan ei ny regjering styrkje nynorsken?


Kva no for nyno

■ Det siste halve året har Noregs Mållag gjennomført ein omfattande sidemålskampanje. Den kalla vi *Nynorsk i skulen – for alle*. Bakgrunnen var at vi var uroa for sidemålsordninga slik vi kjenner ho. Høgre gjekk til val på å fjerne eigen karakter og eksamen i sidemål. Framstegspartiet ville la elevane velje vekk nynorsken. I og for seg kjend politikk frå den kanten, men dette var nytt: No skulle det setjast makt bak krava.

■ Vi har to valkampar bak oss der Framstegspartiet sin ungdomsorganisasjon, FpU, har gjennomført FUCK NYNORSK-kampanjen sin. Det har gjeve resultat for dei. Sylvi Listhaug sa tidleg i valkampen at FrP bør få kunnskapsministeren, mellom anna for å sikre valfritt sidemål. I lesarbrevspalter over heile landet har representantar for partia teke til orde for å svekke sidemålsordninga.

■ Eg veit ikkje kven som skal styre landet dei komande fire åra når eg skriv dette, men uansett kven som tar sete ved Kongens bord må ei regjering for heile landet ta omsyn til heile den norske språkskatten.

■ Før valet formulerte vi fem hovudkrav til dei politiske partia. Det var dette vi målte dei på i valkampen, og det vil prege vårt politiske arbeid opp mot styresmaktene i åra som kjem.



■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

■ Eg håpar vi får ei regjering som ikkje svekker sidemålsordninga. Tvert om bør ho styrkast. Den systematiske opplæringa bør ta til langt tidlegare enn i dag, undervisninga bør vere engasjerande og god, og vi må ha lærarakar som fremjar gode haldningar til nynorsken og kan drive god opplæring i og på nynorsk.

■ For å lukkast med dette må norske lærarutdanningsinstitusjonar utdanne lærarakar som er betre i nynorsk enn i dag. Særleg nynorsk som sidemål må tyngre inn i lærarutdanninga, og nynorskkompetansen må stå på vitnemålet til studentane.

■ Ei ny regjering må gjere det like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar – også på internett. Noregs Mållag krev



Foto: Kristianne Marøy

rsken?

ein handlingsplan for norskspråkleg digitalisering. Dei store multinasjonale selskapa sit med stor makt over språkutviklinga i Noreg, både i klasseromma og samfunnet elles. Vi må ta tilbake makta over utviklinga. Ein slik plan må ha konkrete tiltak som raskt gjer den digitale kvardagen betre for nynorskbrukarane.

■ Løyvingane over statsbudsjettet til nynorsktiltak må opp. Vi krev eit nynorsk kulturløft på gode 30 millionar. Nynorskinstitusjonane utgjer stadig mindre del av kulturbudsjettet. Delen er redusert frå 2,8 prosent i 2013 til under 2 prosent i 2025. I inneverande stortingsperiode har vi diverre ikkje sett ei satsing som snur denne utviklinga. No er tida inne for å løfte den nynorske kulturen.

■ Ei stor sak vi veit skal opp i Stortinget denne perioden er spørsmålet om grunnlovfesting av norsk som nasjonalt hovudspråk, og jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Representantar frå alle parti unnateke Frp står bak framlegget, men partigruppene plar stille representantane sine fritt i grunnlovsspørsmål. Mi oppmoding til deg som les dette: Ta kontakt med dei som no er valde inn frå ditt fylke. Oppmod han eller ho om å røyste for å få jamstillinga mellom dei norske språka våre inn i den viktigaste lova vi har. Det vil

vere ein symboltung og realpolitisk viktig siger - og vil markere starten på ei ny tid for nynorsken.

■ Dei 169 som no tar sete på Stortinget kan i stor grad definere framtida til språket vårt. Det er eit ansvar vi skal sørge for at dei tar.

“**Uansett kven som tar sete ved Kongens bord må ei regjering for heile landet ta omsyn til heile den norske språkskatten.**

■ sagt

Nynorsk ist sperriger und weniger elegant als Bokmål (Buchsprache), die gängigere der beiden Sprachen in Norwegen.

Stephan Opitz
i Frankfurter Allgemeine

Nynorsk kulturhistorie er norsk almenkunnskap.

Nationen
på leiarplass

Fra høye fjell til slake åser, og fra jobb som kommunedirektør i Austrheim med 2.915 innbyggere til samme type stilling til Aurskog-Høland med sine 18.000. Men karen med skarre-r og nynorsk som hovedmål er sikker på at alt skal gå bra.

Indre Akershus Blad

Pappa har til og med begynt å øve seg på å lese nynorsk, fordi min makker i Klassekampen bruker det. For meg er dette kjærlighet, og jeg føler meg privilegert som har foreldre som følger med, også etter at jeg bikket 30.

Lara Rashid
i Klassekampen

Finst det modige politikarar på høgresida i sidemålsdebatten?

Øystein A. Vangnes
i Klassekampen

Fram til år 2000 stemte det ein gong så nynorske og alkoholfrie Sunnmøre som folk flest.

NRK Møre og Romsdal

Noko av det fine her i VG er at du aldri møter motvilje mot å bruka nynorsk og dialekt. No som eg har vorte leiar oppmodar eg folk som eigentleg har nynorsk som hovudmål om å formidla på den målforma dei formidlar best på.

Stig Øystein Hegnar Schmid
til Sogn Avis

Du kan ikkje velje eit språk du aldri har lært å meistre.

Peder Lofnes Hauge

Venstres 68 siders partiprogram tilbys som PDF på bokmål og sidemål – men også enkelt forklart her.

Aftenposten

Politiet gjennomførte ein trafikkkontroll med fokus på rus på E39 ved Ivar Aasen-tunet søndag. Det var 40 kontrollerte, og det var ingen reaksjonar.

Møre-Nytt

Etne og Stranda vel vaks

– Det er oppløftande at to nye kommunar har bestemt at dei skal **skifte til nynorsk** opplæring for vaksne innvandrarak, seier Noregs Mållag.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Opplæringsspråket i vaksenopplæringa er ikkje regulert i lovverket, men opp til kvar enkelt kommune å avgjere. Talet på kommunar som tilbyr vaksenopplæring på nynorsk, endrar seg difor stadig. I skrivande stund gjev 42 kommunar vaksenopplæringa på nynorsk, medan fire kommunar (Suldal, Eidfjord, Kinn og Ullensvang) nyttar både bokmål og nynorsk. Samstundes er det 42 nynorskkommunar som nyttar bokmål i vaksenopplæringa, viser ei kartlegging gjord av *Norsk Tidend* (sjå side 6–7).

Meir nynorsk

Dei nyaste tilskota til kommunane med nynorsk som opplæringsspråk for vaksne innvandrarak, er Stranda kommune på Sunnmøre, og Etne kommune i Sunnhordland.

– Dette har både det lokale mållaget og enkelte kommunestyrerepresentantar engasjert seg sterkt for, seier Einar Arve Nordang, ordførar i Stranda kommune.

– Tidlegare var det vanskar med å skaffe læremateriell, men den forklaringa gjeld ikkje lenger. Etter at eg hadde svart ut fleire interpellasjonar om temaet, kalla eg inn kommunalsjef, mållaget og lærarane, og spurde kva som skulle til. «Å bestemme oss», fekk eg til svar. Då vart det gjort, forklarar Nordang.

Kommunestyret i Etne handsama spørsmålet 18. februar. Sjølv om tilrådinga frå hovudutvalet var å halde fram med bokmål som opplæringsspråk, vann eit endringsframlegg fram, fremja av Andreas Grumheden frå Arbeidarpartiet. Framlegget vart vedteke mot éi røyst frå Høgre.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur i Etne kommune, Mona Rasmussen Sævik, viser til handsaminga i kommunestyret, og skriv om endringa: «Det blir gjort endringar etter

kvart som nye kjem inn og det er mogleg å få det til. Dei som er starta held fram med bokmål.»

Mållaget nøgd

– Det er oppløftande at to nye kommunar har bestemt at dei skal skifte til nynorsk opplæring for vaksne innvandrarak, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

– Språkopplæringa er avgjerande for inkluderinga. Det er ein fordel at dei vaksne innvandrane lærer nynorsk, slik borna deira gjer. Det kan også gjere det lettare å lære den lokale dialekta og forstå dialektmangfaldet i Noreg, seier Hauge.

– Nokre nynorskkommunar har opp imot 25 % innvandrarak. Det seier seg sjølv at nynorsk opplæring for vaksne innvandrarak vil vere svært viktig for å sikre nynorsken som fellesspråk i desse bygdene.

Siri Klokkestuen, leiar i Etne Mållag og varamedlem til kommunestyret for Arbeidarpartiet, utdjupar:

– For innvandrarak med barn, så er det best for språkopplæringa at dei lærer det same skriftspråket. Det er ein stor fordel å lære språket som blir brukt der du bur, og mange stader, t.d. i Etne, er det å lære nynorsk i vaksenopplæringa også ein enklare inngang til



SPRÅKLEG SAMANHENG: Det er ein fordel at dei vaksne innvandrane lærer nynorsk, slik borna deira gjer, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Foto: Thomas Brun NTB Kommunikasjon

det lokale talemålet. Etne Mållag har blitt kontakta av føresette som syns det har vore vanskeleg når barn og foreldre lærer to ulike skriftspråk.

Utgreiinga frå Etne kommune stør denne vurderinga, og trekkjer fram aksept blant lokalbefolkninga, skulemålet og arbeidsspråket i kommunen som grunnar til å velje nynorsk. Men utgreiinga skildrar også mange

grunnar til å velje bokmål, og fell ned på at dei er meir tungtvegande. Dèt fekk likevel lite støtte i kommunestyret.

Bokmål i 42 nynorskkommunar

Med desse endringane, er det 42 nynorskkommunar som held på bokmål i vaksenopplæringa.

– Det er svært gode grunnar for at innvandrarak i nynorsk-

enopplæring på nynorsk



INVESTERING: Dersom kommunen ser på innvandrane som ein ressurs som dei vil halda på i framtida etter ferdig norskopplæring, så bør dei tilby ei norskopplæring som følgjer det som er det vedtekne skriftspråket i kommunen, meiner Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar i LNK.

Foto: Magne Langåker

kommunane skal få rett til undervising på nynorsk, seier Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK).

– Viss kommunane ønskjer å ta vare på skriftspråket i kommunen og hjelpe innvandrane til å bli godt integrerte og bli buande i kommunen, så er det aller best om innvandrane får tilbod om nynorskopplæring. Ifølgje

undersøkingar me har gjort, så er det fleire innvandrare som blir buande etter ferdig norskopplæring i dei nynorskkommunane som tilbyr nynorskopplæring, samanlikna med dei som tilbyr opplæring på bokmål. Og tal frå SSB viser at det er ein større del som er i jobb eller utdanning i dei kommunane som tilbyr nynorskopplæring, seier Langåker.

UNDERVISER I NYNORSK: I Etne kommune og Stranda kommune (her representert ved tettstadene Skånevik og Stranda, har målfolk og kommunestyrerepresentantar engasjert seg for at kommunane skal gi vaksne innvandrare opplæring i nynorsk. Det har gitt resultat.

Foto: Wikipedia

Behov for læremiddelløft

Men han presiserer at slike endringar ikkje berre kan vere opp til kommunane sjølve.

– Vaksenopplæringane i medlemskommunane våre er svært tydelege på at det er behov for fleire læremiddel. For fire år sidan gjennomførte me ei undersøking som viste eit unisont krav om betre tilgang til nynorske læremiddel. Rektorane melder òg om eit stort behov for digitale læremiddel, ordbøker, grammatikk og tilleggsmateriale, seier Langåker.

Likevel har situasjonen betra seg dei seinare åra.

– På den andre sida, så har det skjedd mykje sidan 2010. I 2015 kom det første læreverket på B2 både på nynorsk og bokmål. Og i 2019 kom det to nye læreverk for alfabetiseringsdeltakarane, seier Langåker.

Det vert også stadfesta av kommunane sjølve i kartlegginga på side 6–7.

– Undersøkinga vår viser at dei av kommunane som underviser på nynorsk er litt meir positive til læremiddelsituasjonen på

nynorsk. Med nye midlar i år til omsetjing av læremiddel til nynorsk, så bør ikkje manglande læremiddel vere ein grunn til å ikkje undervise på nynorsk, sjølv om det er trong for fleire læremiddel på nynorsk, seier Langåker i LNK.

Det seier mållagsleiaren seg einig i:

– Somme kommunar har gjeve nynorsk opplæring i over 20 år. Det er difor godt innarbeidd. Likevel trengst det mange fleire læremiddel på nynorsk. Her burde Arbeids- og inkluderingsdepartementet stille med meir midlar, slik at vi får ein heilt nødvendig auke av læremiddel for denne gruppa, slår Peder Lofnes Hauge fast.

Men det finst òg andre tiltak, seier han:

– Eg trur at fleire nynorskkommunar kan ha fordel av å lære meir av kvarandre. Me meiner dette er eit politisk spørsmål som kommunestyret bør ta stilling til. Me tar dette opp med møte i medlemskommunane våre, og lokale mållag og andre kan gjerne òg gjere det.

Ei kartlegging laga av Norsk Tidend syner at **nær halvparten av nynorskkommunane** underviser vaksne innvandrarak på bokmål.

42 nynorskkommunar underviser vaksne innvandrarak på bokmål

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ I sumar kom nyhenda om at nynorskkommunane Etne og Stranda ville skifte frå bokmåls- til nynorskopplæring for vaksne innvandrarak. Ifølgje det oppdaterte oversynet frå Noregs Mållag, er stoda for vaksenopp- læringa i nynorskkommunane no slik: 42 nyttar nynorsk, 42 nyttar bokmål, medan fire kommunar nyttar b   spr  ka i undervisinga si.

Ei kartlegging gjennomf  rt blant dei 42 kommunane som nyttar bokm  l, syner at grunn- gjevingane bak valet er varierande, men det er likevel nokre trekk som g  r igjen blant fleire av kommunane. 25 av kommunane svara p   sp  rsm  la fr   Norsk Tidend f  r avisa gjekk i trykken.

Nynorsk i kjerneomr  da

Illustrasjonskartet til h  gre viser ein tydeleg trend: Det er dei nynorske kjerneomr  da som helst nyttar nynorsk i vaksen- oppl  ringa. I gamle Sogn og Fjordane underviser samtlege kommunar p   nynorsk. Berre Kinn kommune nyttar i tillegg bokm  l i oppl  ringa. Den same trenden gjeld for S  re Sunnm  re, medan kommunane rundt   lesund (Giske, Haram og Sula) heller nyttar bokm  l. Sula kommune forklarar situasjonen med at dei samarbeider med   lesund kommune, som har valt bokm  l som undervisingsspr  k. I Hordaland er situasjonen blanda,

med nynorsk i Voss herad og alle Hardanger-kommunane, men med bokm  l ytst langs kysten i t.d. Austevoll, Austrheim og   ygarden.

Bokm  l i randsonene


Den st  rste konsentrasjonen av bokm  lsundervising finn ein i dalf  ra p   Austlandet: Samtlege nynorskkommunar i Gudbrandsdalen, Valdres og Hallingdal nyttar bokm  l i undervisinga. Valle p   Agder og Vinje i Telemark er dei einaste nynorskkommunane utanfor Vestlandet som underviser vaksne innvandrarak p   nynorsk. Elles underviser ogs   alle kommunane p   Agder og i Telemark p   bokm  l.


Samansette grunnar

Dei 42 kommunane fekk fritt h  ve til    grunnje spr  kvalet sitt. Dei oppgjev mange ulike grunnar til at valet har falle p   bokm  l:

1. **Innvandrarakane m  ter mest bokm  l.** 13 av 25 kommunar som svarte, oppgjev spr  kbruken elles i samfunnet som ein viktig faktor i valet. Innvandrarakane m  ter mest bokm  l i tradisjonelle og sosiale medium, i kontakt med staten og det norske samfunnet elles. Bokn kommune oppsummerer det slik: «Det er den m  lformen de m  ter i de fleste sammenhenger, gjennom generell informasjon og oppslag n  r de ferdes i det norske samfunnet.»

2. **Bokm  l vert mest nyttig seinare.** 8 av 25 kommunar skriv at bokm  l vert nyttigare for innvandrarakane i vidare utdanning og arbeidsliv. Ein del vel    flytte fr   nynorskkommunane og inn til byane. Austrheim kommune skriv:





- Nynorskkommunar med nynorskopplæring
- Nynorskkommunar med delt opplæring
- Nynorskkommunar med bokmålsopplæring
- Nøytrale kommunar og bokmålskommunar

«Mange av deltakarane går vidare til utdanningsløp, yrkespraksis eller arbeid der bokmål er det dominerande skriftspråket.» Øystre Slidre kommune legg til: «Om dei skulle velje å flytte, er det erfaringsmessig sannsynleg at dei flyttar til ein bokmålskommune.»

3. **Samarbeid om vaksenopplæringa.** 8 av kommunane fortel at dei samarbeider med eller kjøper tenester av andre kommunar, som utan unntak i denne undersøkinga har valt bokmål som undervisningsspråk. Det gjeld t.d. Ryfylke lærings-senter i Strand kommune, der elevane frå Hjelmeland går, og Bryne kompetansesenter, som samlar elevane frå kommunane Time, Klepp og Hå.
4. **Lokal forståing.** 5 av kommunane skriv at bokmål ligg nærare språkbruken i kommunen eller regionen, og at det derfor vert lettare for innvandrarane å integrere seg lokalt.
5. **Bokmål er lettare å lære.** 5 av kommunane oppgjev at vanskegraden er høgare for nynorsk enn bokmål, og at det har vore ein faktor i valet av opplæringspråk.

I tillegg gjev kommunane opp mange andre grunngevingar for språkvala. Lom kommune skriv at språkopplæring før vaksenopplæringa er ein faktor: «Mange av flyktningane som kjem til oss har

lært noko norsk i mottak. Utan unntak (så langt vår erfaring rekk) har dei lært bokmål der.» Hægebostad kommune skriv: «Det er bokmål som de aller fleste får/ fikk tilbud om på asylmottakene, og skolen kan dermed lettere ta utgangspunkt i det.»

Kommunane Nissedal og Sveio seier at dei tidlegare har undervist vaksne innvandrarar på nynorsk, men endra opplæringspråk til bokmål etter ynske frå elevane sjølve.

Kommunane er elles usamde om læremiddelsituasjonen. Nokre hevdar at dei nynorske læremidla heng etter, medan andre skriv at situasjonen har betra seg dei seinare åra, og at skilnaden ikkje er så stor lenger. Mange peikar likevel på den store diskrepansen når det gjeld anna undervisningsmateriale enn ordinære læremiddel.

Få førespurnader, ingen forsøk
Sjølv om fleire kommunar oppgjev at språkvalet er oppe til vurdering med jamne mellomrom, er det ingen som skriv at endringar har vore prøvde ut. Sauda kommune skriv likevel at vaksenopplæringa opna for at elevane sjølve kunne velje målform ved innskriving frå hausten 2024, men at ingen elevar har valt nynorsk til no.

Kommunane seier at dei mottek få førespurnader om å skifte opplæringspråk, men fleire skildrar ulike problem som kan oppstå når borna får nynorskundervising i grunnskulen, medan dei vaksne lærer bokmål.

Nynorskkommunar med bokmålsundervising

Agder Bygland Bykle Hægebostad Åmli Åseral	Vågå Øystre Slidre	Telemark Fyresdal Hjartdal Kviteseid Midt-Telemark Nissedal Seljord Tokke
Buskerud Gol Hemsedal Ål	Møre og Romsdal Aukra Fjord Giske Haram Sula Surnadal	Vestland Austevoll Austrheim Bømlo Fedje Modalen Samnanger Sveio Øygarden
Innlandet Lom Nord-Fron Skjåk Vang Vestre Slidre	Rogaland Bjerkreim Bokn Hjelmeland Klepp Sauda Time	

Nynorskkommunar med nynorskundervising

Aust-Agder Valle	Telemark Vinje	Kvinnherad Luster Lærdal Masfjorden Osterøy Sogndal Solund Stad Stord Stryn Sunnfjord Tysnes Ulvik Vaksdal Vik Voss Årdal
Møre og Romsdal Hareid Herøy Sande Stranda Sykkylven Ulstein Vanylven Volda Ørsta	Vestland Alver Askvoll Aurland Bjørnafjorden Bremanger Etne Fitjar Fjaler Gloppen Gulen Hyllestad Høyanger Kvam	
Rogaland Vindafjord		

Nynorskkommunar med både bokmåls- og nynorskundervising

Rogaland Suldal	Vestland Eidfjord Kinn Ullensvang
---------------------------	---

Nynorskelevar får læremiddel seinare enn bokmåselevar

I den ferske rapporten «Læremidler i grunnskoler og videregående skoler» slår **Riksrevisjonen** fast at nynorskversjonen av læremiddel kjem seinare enn bokmålsversjonen.

FRIDA PERNILLE MIKKELSEN
frida.mikkelsen@nm.no

■ – Dette er ein situasjon som vi er veldig godt kjent med, men det er likevel viktig at vi får rapportar frå Riksrevisjonen som stadfestar det vi i Mållaget har sagt så lenge, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

Opplæringslova krev at læremiddel skal vere tilgjengelege på nynorsk og bokmål til same tid og same pris. Undersøkinga Riksrevisjonen har gjort viser at berre kvart fjerde trykte læremiddel kjem på nynorsk til same tid som læremiddelet på bokmål.



SEINT LEVERT: Nynorskelevar kan ikkje gå utan læremiddel heilt fram til jul, seier Peder Lofnes Hauge. Fotokreditt: Thomas Brun NTB Kommunikasjon

Må vente i fleire månadar
26 prosent av lærebøkene kjem først etter 3–4 månadar, skriv Riksrevisjonen.

– 3–4 månadar inn i skuleåret er november og desember. Nynorskelevar kan ikkje gå utan læremiddel fram til jul. Her må

departementet gjere tiltak slik at lovene dei lagar blir følgde, seier Peder Lofnes Hauge.

«Ikkje tilfredsstillande»

Riksrevisjonen har konkludert med vurderinga «*ikkje tilfredsstillande*» for læremiddelsituasjonen i norsk skule, og skriv at:

«Skuleeigarane kjøper ikkje inn læremiddel og utstyr som dekkjer behova til skulane. Det gjer at elevane får ulike føresetnader for læring og fører til at lærarane brukar unødvendig mykje tid på å kompensere for manglande læremiddel.

Kunnskapsdepartementet sørger ikkje for at det blir produsert læremiddel som dekkjer behova til alle elevar i alle fag. Det gjeld særleg tilrettelagde læremiddel og læremiddel til elevar i fleire yrkesfag og fag med få elevar på landsbasis.»

– Eg krev at kunnskapsministeren tek tak i dette straks og viser at nynorskelevane er like mykje verte for ho som bokmåselevane, seier Peder Lofnes Hauge.



Nynorsk er for innvandrarar òg!

Nynorsk bør takast meir med i debatten om integrering, skriv

James McDonald-Begg.

DÅ EG KOM til Noreg frå Storbritannia for 12 år sidan, var det ikkje berre-berre å læra seg språket. Som språkentusiast hadde eg klart å læra meg litt før eg flytta hit, men det verka nesten litt bortkasta. Norsken eg hadde lært meg, var ikkje norsken eg høyrde på gata. Norsken eg las på meldingar frå kollegaane mine, var ikkje norsken eg las i avisa. Dette var mitt fyrste møte med norske dialektar. Eg føler meg heldig at eg integrerte meg i Noreg rundt den fantastiske Tromsø-dialekten og sjølv om eg bur sørpå no, ber dialekten min framleis preg av ein nordnorsk utlending.

Eg lærte meg å snakka norsk fort ved å jobba på ein kiosk, men det tok litt tid før eg kunne skriva norsk, særleg når eg måtte veksla mellom bokmål og dialekt. Så såg eg på ein svensk krim på TV ein dag. Eg forstod ikkje alt, og då tenkte eg at norske undertekstar kunne hjelpe meg. Men kva var dette for noko? Undertekstar på dialekt? Var det mogleg? Det var denne dagen at eg oppdaga nynorsk. Eller «spynorsk» som nokon retta meg på. Eg vart nysgjerrig på dette skriftspråket, men samstundes følte eg at det fjellet eg klatra for å meistra norsk, vart mykje brattare.

«Vi bruke ikkje nynorsk her i nord», «Det treng du ikkje», «Det e så vanskelig, du treng ikkje tenke på det» var rådet eg fekk då eg spurte kjente om eg måtte læra meg eit til skriftspråk. I dag kallar eg det meir for hjernevasking enn råd. Men på det tidspunktet var det nok med bokmål og dialektar. Eg tok Bergenstesten på bokmål og kom meg gjennom utdanninga mi nesten utan å måtte lesa nynorsk – fantastisk, tenkte eg.

MEN, NYNORSK TOK meg til slutt. Eg byrja å jobba i offentleg forvaltning og fekk veta at eg var pliktig til å svara på nynorsk dersom ein innbyggjar skreiv til meg på nynorsk. Kva skulle eg gjera? Eg trudde eg kunne unngå dette «spynorsk»! Då bestemte eg meg for å gjera min språklege fiende til min språklege bestevenn. Eg skulle verta nynorskbrukar! Og sidan då har eg ikkje berre vore nynorskbrukar, men nynorskforkjempar.

For ei reise det har vore å læra meg nynorsk! Eg skjønner framleis ikkje kvifor nordmenn som har gått norsk skulegang, har

så store problem med nynorsk. Påstandane eg fekk høyra kunne ikkje vera lenger frå sanninga. «Vi bruke ikkje nynorsk her i nord». Det var ganske forvirrende å høyra og seia *nåkka* og *dåkker*, men skriva *noe* og *dere*. Her hadde nynorsken med *noko* og *dokker* hjelpe meg. *Koførr*, *ka*, *kem* er ikkje det same som *kvifor*, *kva*, *kven*, men det var alltid litt vanskeleg å hugsa å skriva *hvorfor*, *hva*, *hvem*, når lyden er så annleis! Nynorsk kunne ha hjelpt meg her.

«Det treng du ikkje». Jo, i dag har me språklova som sikrar nynorsk som eit jamstilt skriftspråk med bokmål. I nokre samanhengar er ein lovpålagd å skriva på nynorsk, så alle treng nynorsk, i alle fall litt. Som utlending med nynorsk kan du faktisk få ei betre forståing for dei andre skandinaviske språka som kryp inn i kvardagen i ny og ne (*kjærleik* og *kärlek*, *byrja* og *börja*). Med nynorsk kan du bidra til å halda kulturen, historia og språket vårt i live, og motstå påverknaden frå engelsk. Som våre gode venar på Språkrådet seier: «norsk når du kan, engelsk når du må».

Å HA ENGELSK som morsmål når ein skal læra seg norsk, opplevast for meg som eit tveegga sverd. På den eina sida, når du ikkje kan eit ord på norsk, kan du gjera det engelske ordet til å høyrast norsk ut, eller berre bruka det engelske ordet midt i setninga. Av og til treff ein riktig! Det er det fine med at engelsk og norsk høyrer til same språkfamilie. Men på den

andre sida er (nokre) nordmenn så ivrige og glade for å snakka engelsk med ein morsmålsbrukar. Då eg fyrst kom til Noreg, bytta folk alltid til engelsk med ein gong dei høyrde namnet mitt eller aksenten min. Det gjorde det vanskeleg for meg å læra meg språket, men eg hadde gode kollegaar på kiosken som skjønnte problematikken og snakka berre norsk til meg. For meg handla det om å vera konsekvent og disiplinert, til og med på dei «dårlege» dagane. Eg har i dag fleire norske venar som eg aldri har snakka engelsk med – så fint, tenkjer eg!

EG HAR BRUKT den same taktikken med nynorsk: konsekvent og disiplinert. Eg las litt grammatikk, så byrja eg. Med «ordbokene. no» open i nettlesaren min kvar dag, har eg prøvd meg fram og sakte men sikkert vorte kjent med nynorsk bøyingsmønster. For å læra meg nynorsk og ikkje verta forvirra, har eg valt å bruka dei variantane som er minst like bokmål: *ynskja* for *ønske*, eller *semje* for *enighet*, til dømes.

Eg har vore konsekvent og brukt nynorsk i all korrespondanse der eg ikkje har vore pålagt å bruka bokmål. Eg skriv no hovudsakeleg nynorsk til venane mine, men det er også viktig å halda bokmål ved like! Eg har funne kollegaar som var nynorskbrukarar og fått både støtte og rettleiing frå dei undervegs. Eg føler at nynorsk faktisk har gjort kvardagen min rikare: eg har eit betre ordforråd generelt på norsk, og ikkje minst kan eg no lesa Jon Fosse!

EG HAR GJORT og framleis gjer feil når eg skriv nynorsk, men eg har alltid lært mest frå dei feila. Folk brukar ikkje å kritisera deg når du lærer deg eit anna skriftspråk på andrespråket ditt. Tvert imot, folk vert imponerte!

Å skriva eit slikt innlegg i *Norsk Tidend* er litt som å tala til kyrkelyden, men eg meiner at nynorsk bør takast meir med i debatten om integrering. Med nynorsk får ein tilgang til så mykje om norsk kultur og historie. Med nynorsk vert ein språklege sterkare. Med nynorsk kan ein verta heilintegrert i det norske samfunnet. Eg håpar at fleire innflyttarar til Noreg vågar å utforska nynorsk. Det har eg aldri angra på.

JAMES MCDONALD-BEGG

“ For ei reise det har vore å læra meg nynorsk! Eg skjønner framleis ikkje kvifor nordmenn som har gått norsk skulegang, har så store problem med nynorsk.



Foto: Privat

■ **James McDonald-Begg** (f. 1990) er oppvaksen i Storbritannia. Han har ein master i russisk språk frå UiT, og jobbar som rådgjevar i Forsvarets forskningsinstitutt (FFI). Han bur på Fetsund i Lillestrøm kommune.

Nynorsk nær fråverande ved universiteta

Berre 6 av 32 lærestader

oppfyller lovkravet til veksling mellom nynorsk og bokmål på nettsidene sine. Universitetet i Agder er dårlegast i klassen.

■ – Vi ser at fleire større lærestader har forsvinnande lite nynorsk på nettsidene sine, år etter år. Dei syner ikkje nokon som helst vilje til å følge lova og arbeide for å nå Stortingets uttrykte politiske mål, som er at nynorsk og bokmål skal vere likestilte skriftspråk her i landet, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås, til Khrono.

Betre i sosiale medium

Berre 6 av 32 institusjonar i universitets- og høgskolesektoren, heldt seg innanfor kravet om minimum 25 prosent nynorsk tekst på nettsidene i 2024. Når det gjeld innhald i sosiale medium, ser det litt betre ut: Der oppfyller 14 av 32 kravet.

Det er langt frå første gong at Språkrådet refsar norske forskings- og utdanningsinstitusjonar for å ignorere ein sentral del av det språklege mangfaldet, det lovpålagde kravet om veksling mellom nynorsk og bokmål.

Signal om verdi

– Når ein nettstad ved ein høgskule eller eit universitet har over 90 prosent bokmålstekstar, signaliserer lærestaden at berre bokmål har verdi, seier språkdirektør Wetås.

Ho peikar på at dei norske skriftspråka skal vere synlege for alle i Noreg.

Gjer det vanskeleg

– I ansvaret institusjonane har for å bruke norsk, seier lova at dei særleg skal arbeide



SPRÅKRÅDET KRITISK: Når nynorsk ikkje er synleg, blir det vanskelegare for dei som har det som hovudmål å halde på språket, meiner Åse Wetås, direktør i Språkrådet.

Foto: Mariam Butt / NTB / NPK


for å styrke nynorsk. Når ein lærestad systematisk og over tid medvite usynleggjer det minst brukte av dei norske skriftspråka våre, går lærestaden også inn i rekka av instan-

sar som gjer det vanskeleg for dei som har nynorsk som hovudmål, å halde på språket sitt, seier Wetås.

NPK

KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Aasen julekule: 359,-



Fossekrus: 348,-

I nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod. Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35, eller gå inn på www.nm.no/krambua.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

Kan opne for grunnskule på engelsk

Regjeringa vurderer å opne for **internasjonale klasser** i den offentlege skulen. Dei må seie nei, meiner Noregs Mållag.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ I slutten av juni melde NRK at internasjonale klasser kan bli eit fast tilbod, også i den offentlege skulen. I ein e-post til NRK skreiv statssekretær i Kunnskapsdepartementet, Synnøve Mjeldheim Skaar (Ap), dette:

– Me vurderer no, mellom anna basert på erfaringane frå forsøket i Oslo kommune, om regelverket bør endrast slik at den offentlege skulen i Noreg òg kan romme eit internasjonalt opplæringstilbod.

Brot med språkpolitikken

I dag skal alle grunnskular, både offentlege og private, tilby opplæringa på norsk eller samisk. Det einaste unntaket er dei sokalla internasjonale skulane, som er språkleg fristilte etter privatskulelova § 2-1 (4), men som i hovudsak nyttar engelsk som undervisningsspråk.

Slike internasjonale privatskular finst i dag i alle fylka utanom Finnmark, ifølgje Nasjonalt skoleregister. Privatskulane skal dessutan ha heile landet som inntaksområde for elevar, jf. privatskulelova § 3 (1).

Frå forsøk til fast tilbod

Manglerud skole, aust i Oslo, har dei siste ti åra drive eit internasjonalt tilbod med engelskspråklege klasser. No har utdanningsbyrådet i hovudstaden, Julie Remen Midtgarden (H), bede regjeringa om å gjere forsøket permanent.

– Også offentleg skule må kunne tilby ulike profilar som kan treffe ulike interesser hjå elevarne våre, sa ho til NRK.



FRÅ FORSØK TIL FAKTUM: Byrådet i Oslo har bede om ei permanent ordning for internasjonale klasser i den offentlege grunnskulen. Dei må få nei, meiner Noregs Mållag.

Illustrasjonsfoto: Gerd Altmann / Pixabay

Dét krev ei endring av opplæringslova, der hovudregelen i dag er at opplæringa skal vere på norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Og skal lova endrast, må ho gjelde for heile landet, ikkje berre for eit einskild tilbod i Oslo.

Mållaget uroa

Den potensielle endringa vekker skepsis i Mållaget.

– Det er ikkje noko problem at norske elevar blir for lite eksponerte for engelsk, men det er derimot uakseptabelt at lese- og skrivekompetansen til norske elevar er for svak, innvender Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

– Norsk skal vere hovud-

språket i den norske offentlege grunnskulen. Ein barriere blir broten om ein gjev permanent løyve til grunnskuleopplæring på engelsk. Det er problematisk nok med dei internasjonale private skulane, seier han.

– Engelsksykja spreier seg på fleire og fleire område i det norske samfunnet og er tidvis heilt dominerande som arbeidsspråk, til dømes i akademien. Ei kjerneoppgåve for skulen er å inkludere alle i den norskspråklege fellesskapen. I verste fall kan dette handle om framtida for norsk språk i Noreg, både bokmål og nynorsk.

Regjeringa varslar avklaring av spørsmålet allereie i haust.

“ **Ei kjerneoppgåve for skulen er å inkludere alle i den norskspråklege fellesskapen.**

Peder Lofnes Hauge,
leiar i Noregs Mållag

Inviterer næringslivet til nynorsk kurs

■ Nynorsk bedriftsforum inviterer folk i næringslivet til eit kurs som skal gjere dei tryggare på å bruke nynorsk.

Mange i det private næringslivet synest det er vanskeleg å bruke nynorsk, sjølv om det er eit språk som er naturleg

for dei. No inviterer Nynorsk bedriftsforum til eit kurs som skal gjere folk tryggare på språket og gjere nynorsk til ein naturleg og tydeleg del av bedriftsprofilen.

Kurshaldar er Jostein Avdem Fretland, og det er meininga å ha

fem digitale samlingar i perioden mellom 17. februar og 17. mars.

Jostein Avdem Fretland har brei erfaring frå å halde språkkurs for tilsette i offentleg sektor. I kurset «Nynorsk for bedrifter» har han tilpassa innhaldet til den språklege arbeids-

kvardagen i næringslivet.

Kurset tek føre seg alt frå rettskriving til bruk av kunstig intelligens. Fretland lovar mange gode tips for å skrive klare, engasjerande tekstar for nett og sosiale medium.

NPK



LNK-TILSKOT: Trond Salte er tilsett som ny prosjektmedarbeidar.
Foto: Privat

LNK satsar på Jæren

Landssamanslutninga av nynorskkommunar har tilsett **Trond Salte** (39) for å få fart på prosjektet «Meir mål på Jæren».

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ – Det er makelaust gildt! seier Trond Salte (39) om jobben som prosjektmedarbeidar. Han har jobba som lærar i vidaregåande skule i ti år, og skrive maseroppgåve om utviklinga av jærske blant unge.

Nær 7000 elevar på Jæren har nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Det er eit av dei viktigaste kjerneområda for nynorsken, men òg eit av områda der flest elevar skiftar skriftspråk i løpet av vidaregåande skule.

– Me er svært glade for å få med oss Trond Salte på laget, og ser fram til å få fart på prosjektet, seier dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Svein Olav B. Langåker.

Prosjektet Meir mål på Jæren har som mål å styrka nynorsken på Jæren og i Rogaland, og er eit samarbeidsprosjekt mellom Rogaland Mållag, Noregs Mållag og Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

– Eg trur nøkkelen til motivasjon og begeistring for nynorsk ligg i kva assosiasjonar skuleelevar har til nynorsk. Språk handlar jo om kjensler og identitet, så det å skapa positive kjensler til eit skriftspråk som ligg ganske nært jærdialekten, trur eg òg vert viktig, seier Trond Salte.

Den nye medarbeidaren får kontor på Garborgsen-teret på Bryne.

Lansering av rettleiar

Den nye rettleiaren Medisinsk journalskriving kjem i haust, redigert av **Øygunn Leite Kallevik** og **Bjørn Bendz**. Kallevik, som er leiar i Medisinsk Mållag, fekk i 2024 eit nynorskstipend på 50 000 kr frå Noregs Mållag for å revidere, omsetje og slå saman bøkene *Medisinsk journalskriving* og *Journal-1* til ei felles lærebok for medisinstudentar og turnuslegar. Resultatet er denne utgjevinga, som er skriven parallelt på nynorsk og bokmål, slik at brukarane kan lese og skrive på sitt eige medisinske morsmål. Lansering vert på Galleri Nygaten i Bergen, 14. september kl. 19.00.

Spel på Sandsøya

Kong Arthur-spelet på Sandsøya var tusenårsprosjektet til Sande kommune på Sunnmøre, og fekk premiere i august 2000. I år feira spelet 25 år, med framsyningar 9. og 10. august. Spelet baserer seg på lokale skodespelarar som øver i ei intens veka i august, og viser fram livet på Kongsvollen for kring 1500 år sidan. Det heile føregår på nynorsk og dialekt, med ein særleg elsk for gamle dialektord og uttrykk. Sunnmøre Mållag var til stades med stand og tilfang.



Aadne Sandanger, styreleiar for Kong Arthur-spelet, og Ingebjørg Røyhus Øyehaug, leiar i Sunnmøre Mållag.

Dialektfestival i Strandebarm

For tredje gong skipar Kvam Mållag, Fosse-stiftinga og Folkeakademiet Kvam til dialektfestival i Strandebarm, 26.–28. september.

Fredag inneheld program for tilsette i skular og barnehagar, og 10. klassingane i Strandebarm arrangerer dialektprogram for resten av ungdomsskulen. Fylkesordførar **Jon Askeland** står for den offisielle opninga fredagskvelden i ungdomshuset Haugatun. Det vert konsert med folkemusikarane **Rannveig Dønne** og



The Sound of Music i Moster amfi

I august inviterte **Bømlo Teater** til ny sommaroppsetjing i Moster Amfi. Denne gong var det musikalen *The Sound of Music* som fekk premiere – for aller første gong på nynorsk. Bømlo Teater har tidlegare hatt stor suksess med musikalar som *Les Misérables*, *Kristina frå Duvemåla*, *Chess* og *Miss Saigon*. På scena stod over 70 medverkande, ein god miks av profesjonelle og lokale amatørskodespelarar. Omsetjinga til nynorsk var ved **Runa Våge Krukhaug**.

Annlaug Børsheim før **Trekkspeklklubben** og **Gamaldansen i Kvam** byr opp til dans.

Laurdagen står ulike foredrag på programmet i Fossehuset. I tillegg presenterer **Kvam sogelag** årboka si. Om kvelden held **Gjertruds sigøynerorkester** og **Helge Jordal** konsert i ungdomshuset, og dei spelar til dans etter konserten.

Sundag står festivalgudsteneste, besøk på keramikerverkstaden til **Linda Lid**, omvising i Kinckgarden og Myra, barndomsheimen til **Jon Fosse**, på programmet. Festivalen vert avslutta med sundagskaffi med mannskoret **Laudamus** og **Helge Jordal**.

Programoversikt på dialektfestival.no.

Tryggare nynorsk for næringslivet

Nynorsk bedriftsforum inviterer folk i næringslivet til eit kurs som skal gjere dei tryggare på å bruke nynorsk.

Mange i det private næringslivet synest det er vanskeleg å bruke nynorsk, sjølv om det er eit språk som er naturleg for dei. No inviterer Nynorsk bedriftsforum til eit kurs som skal gjere folk tryggare på språket og gjere nynorsk til ein naturleg og tydeleg del av bedriftsprofilen.

Kurshaldar er **Jostein Avdem Fretland**, og det er meininga å ha fem digitale samlingar mellom 17. februar og 17. mars.

Jostein Avdem Fretland har brei erfaring frå å halde språkkurs for tilsette i offentleg sektor. I kur-

set Nynorsk for bedrifter har han tilpassa innhaldet til den språklege arbeidskvardagen i næringslivet.

Kurset tek føre seg alt frå rettskriving til bruk av kunstig intelligens, og han lovar mange gode tips for å skrive klare, engasjerande tekstar for nett og sosiale medium.

Sidemålsstand

Gol Mållag heldt sidemålsstand på **Goldagan**, laurdag 19. juli. Det var steikande varmt, men likevel godt med folk i sentrumsgata. Nokre av dei var einige med oss om sidemål, andre var heilt ueinige med oss og atter andre let seg ikkje lokke til å stoppe ved standen vår. Alt i alt var det ei kjekk oppleving å stå på stand!



Jorunn Borge Knaldre frå Gol Mållag.

Dialektane krusar fram i nord

Mållag i Troms og Finnmark har dei siste åra arbeidd på fleire måtar for å få fram **kunnskap** om dialektane i nord.

MAGNE LEON HEIDE

■ Det har vore halde møte om dialektar, og fleire mållag har fått til eigne dialektord-spalter i lokalavisene. Dialektkviss, dialektstand og dialektkoppar har også vore laga og brukt.

Tidleg innsamling

Det blei tidleg sett i gang arbeid for å samle inn ordtilfang frå Nord-Noreg. Det viktigaste innsamlingsarbeidet starta Tromsø og omland mållag i 1956. Mållaget var nyskipa i 1954, og leiaren i laget, Karl Fjærvoll, fekk Hallfrid Christiansen til å reise nokre veker på hausten i Balsfjord, Malangen, Lenvik og Sørreisa, fortel årsmelding for 1956. Tromsø mållag heldt kontakt med Christiansen og ytte saman med fylkesmållaget støtte til reisene hennes her nord så lenge ho levde. Målet var å få gitt ut ei nordnorsk ordbok, men dette blei ikkje fullført før Ove Orvik tok føre seg materialet etter Hallfrid Christiansen og gav ut *Nordnorsk ordbok – arven etter Hallfrid Christiansen* i 2023.

Fylkesmållaget, Troms og Finnmark mållag, har hatt dialektar og stadnamn som tema på fleire samlingar, og tråden til Christiansen blei tatt opp då Orvik gjorde greie for arbeidet sitt på eit fylkesmållags-seminar i 2022. Orvik har sidan reist rundt og halde foredrag om både ordboka og Hallfrid Christiansen.

Tove Bull heldt på det same seminaret foredrag om nordnorske ordsamlingar frå 1600-talet og fram til i dag. – Nokre ordsamlingar er laga for å more, utan at det alltid er like morosamt, ofte baserer ukunnige forfattarar seg på misforståingar, sa Bull på fylkesseminaret. Ho tok til orde for eit nærmare samarbeid med fagfolk og viste til samarbeidet som er mellom historieinteresserte og historikarar i nord. På den same haustsamlinga blei det også lagt fram eit oversyn over tilgjengelege ordsamlingar frå dei tre nørdeste fylka, det er lagt ut på språkbloggen «Språk i nord».

Dialektbøker og koppar

Aller lengst nordaust gav Varanger mållag alt i 1981 ut Hildur Hatlebrekke si bok om *Vadsø-dialekten*. Studia hennes skapte ein god grobott for mållaget som blei skipa her i 1976, og har vore ei viktig kjelde for kunnskapen om Finnmarks-dialektane.

Den første nynorsk-avisa i landsdelen, *Finnmarkingen*,



DIALEKTKOPPE: Astrid Fjose og Vidkunn Haugli med Målselvkoppen.

Foto: A. Fjose

kom ut i Vadsø i 1875, også med artiklar på finnmarksmål. Dette har vore tema på fleire møte i mållaget, og redaktør Karl Akre (1840–1912) har nyleg vore dratt fram i lyset av mållaget. Varanger mållag har i tillegg til Varangerdialekt, også tatt opp tema knytt til samisk og kvensk språk.

Målselv mållag har ein lang dialekt-tradisjon. Laget gav alt i 1979 ut ei diktsamling på dialekt, *Sildrebekken*, skrive av Arne L yngås frå Kirkesdalen. Og i 1997 gav laget ut eit eige hefte om *Dialekter i Målselv og Bardu*, skrive av Brit Mæhlum.

Leiaren i mållaget, Astrid Fjose, fortel at Målselv mållag no har ei eiga spalte, «Målkråa», i lokalavisa *Nye Troms*.

– Der tar me for oss nye dialektord kvar tysdag. Spalta har halde på sidan 2017 då laget feira 70-årsjubileum, og me har pas-

sert 400 ord no. Ord og uttrykka vert også samla i ein eigen artikkel i juleheftet *Jul i Bardu og Målselvdalen* som laget gjev ut kvart år. Vår eminente og språkkunnige Vidkunn Haugli gjer eit flott arbeid jamt og trutt, fortel ho.

Astrid Fjose fortel at mange av orda også er å finne på Målselvkoppen.

– Denne sel mållaget lokalt i to ulike utgåver. Ordtilfanget er stort då me har både døladialekta som skriv seg frå innvandringa frå Gudbrandsdalen og Østerdalen på 1800-talet og seint 1700-tal, og det nordnorske målet som ein finn i dei nedre delar av Målselvdalen ut mot Malangen.

Krus og ordspalter

Balsfjord mållag har også hatt dialekt på dagsorden lenge. Ingrid Russøy, som er leiar i mållaget, fortel at laget har gitt ut ein eigen Balsfjordkopp som dei har selt over eitt hundre av.

– Dei fleste koppane har vi selt på kulturkvelden vi har kvar haust. Mange har kjøpt koppen som julegåve. Vi har også lagt ved ordforklaringar på dialektorda, fortel ho.

Senjamållaget har gjennom fleire år arbeidd aktivt for å fremje senjamålet. Laget har fått trykt ein eigen Senjamålsgrammatikk, og har også arrangert kurs om denne. Dei siste to åra har laget dessutan

hatt ei eiga spalte, «Målkråa», i lokalavisa *Folkebladet*. Her har dei kvar veke skrive om ulike sider ved senjamålet, både og einskilte ord, samansetjingar, stilelement og ikkje minst ord og uttrykk. Steinar Nymo har hatt hovudansvaret for spalta.

Ord-innspel frå lesarane

Harstad og omland mållag har levert fleire ordartiklar til den lokale årboka. Frå januar i år har laget også redigert ei ordspalte «Ordimella» i lokalavisa *Harstad Tidende*. Dei tre redaktørane, Magne Heide, Øystein Aas og Ove Orvik, har både samla inn og skrive ned eigne ord. Det har vore lagt vekk på både sjeldne og heilt vanlege ord, og utdjupande forklaringar og eksempel.

Kontakten med lesarane har vore viktig, fortel Øystein Aas.

– Vi har fått inn spørsmål og forslag frå lesarane, som har vore kommentert i ordspalta. Mållaget har berre fått positive tilbakemeldingar på spalta. Ein eigen dialektstand på eit av kjøpesentera i byen gav også god respons frå dei som stakk innom, seier han.



Olav Aasmundstad feira i Nord-Fron

I år er det 100 år sidan kulturmannen Olav Aasmundstad frå Gudbrandsdalen døydd.

ARNE SKUTERUD

■ Han var fødd i 1850 i Kvikne i Fron og var lærar, omsetjar og aktiv i målrørsla. Han var blant dei tidlege målmennene i Gudbrandsdalen og var med å stifte Austmannalaget i 1899. Han var også med i det fyrste styret for laget. Frå 1868–71 gjekk han på folkehøgskulen til Christopher Bruun i Sel og ved den danske folkehøgskulen Askov, der han sette seg inn i den grundtvigske friskulen.

I åra 1873–1912 underviste han i språk, historie, sløyd og kroppøving med meir i Grue i Solør, ved folkehøgskulen Vonheim i Gausdal og ved Møre folkehøgskule i Ørsta.

Han var den fyrste som omsette ei islandsk ættesoge til landsmål. Dei siste åra av livet levde han i huset Borg i Kvikne. Dette huset vart seinare flytt til ei tomt like attmed Kvikne kyrkje, og der det no står som museum.

Kulturkveld

5. juni vart 100-årsminnet etter Aasmundstad markert med kulturkveld i Kvikne kyrkje og Borg museum. Nesten 100 møtte til ein variert og givande kveld med musikk, allsong og foredrag.

Kvelden starta i det vesle museet. Her fortalde Ola Masseng Sylte frå Kvikne om Aasmundstad sin oppvekst, slekta hans i Kvikne og om hans siste år i livet. Sylte fortalde også om huset Borg og det rike og interessante interiøret som er samla



SONG: Camilla Granlien avslutta kvelden med vakre tonar etter Kristian Åsmundstad.

FOREDRAG: Ola Masseng Sylte fortalde om Olav Aasmundstad i Kvikne og om Borg museum.

der. Dette står i dag slik det stod då Aasmundstad budde i huset. Det vart svært trangt om plassen for alle dei som ville høyre denne orienteringa i det vesle museet.

Forsamlinga flytta derfor til kyrkja der det vart servert kaffi

og kringle, før Arne Skuterud frå Vinstra ynskte velkomen på vegner av Fron mållag og Fron historielag. Roger Slåstuen, Skåbu, på fele og Geir Thorud, Heidal, på trekkspel spela så fem leikar av Torger Iverstugun og andre

frå Kvikne og Skåbu, mens Kristian Ekre, Kvikne fortalde historia om Kvikne kyrkje frå 1763 og det store restaureringsarbeidet som no snart er fullført. Han framheva særleg det imponerende tømmerarbeidet som Per Korpberget frå Kvikne stod for, det flotte treskjerararbeidet som Estin Kjørn frå Heidal utførte og den vakre fargesettinga gjort av Ragnvald Einbu frå Lesja.

Levde i ei omskiftande tid

Hovudforedraget for kvelden vart halde av Rasmus Stauri frå Hundorp. Han fortalde om Olav Aasmundstad sitt liv som lærar fleire stader i landet. Han plasserte livet til Aasmundstad på ein fin måte inn i den omskiftande tida han levde i med store omveltingar i teknikk, samfunn og politikk, og der den grundtvigianske opplysningstanken stod sterkt.

Kvelden vart avslutta med vakker song og musikk av Camilla Granlien, Lillehammer. Ho song folketonar av Kristian

Åsmundstad frå Ringeby, som var nevø av Olav, og av Per Åsmundstad. Ho leia også allsongen då heile forsamlinga stemte i med tre gode nynorske salmar.

Heilt til slutt overraska Edvin Espelund frå Heidal forsamlinga med ei lita bok med dikt av tre-

skjeraren Estin Kjørn. Denne boka hadde Olav Aasmundstad vore på leit etter i Heidal for godt over 100 år sidan, men fyrst no kunne Espelund fortelja korleis boka var komen til rette og var i hans eige.



Nynorsk 2050: daud, eller framleis i full vigør?



GODT OPPMØTE: – Endeleg ein debatt om noko viktig i valkampen, sa Steinulf Tunesvik, leiar i Hordaland Mållag.

■ 20. august samla Hordaland Mållag toppar frå alle parti til ein debatt om framtida til nynorsken. Møtet fann stad på Det Vestnorske Teateret i Bergen. På agendaen stod spørsmålet: Er nynorsk eit levande språk for heile landet, eller eit unyttig vestlandsprosjekt?

«Endeleg ein debatt om noko viktig i valkampen» slik opna Steinulf Tunesvik, leiar i Hordaland Mållag, valmøtet denne kvelden. Han gav sidan ordet til Sølve Rydland, politisk redaktør i Bergensavisen og ordstyrar for kvelden. Rydland sytte for gode spørsmål til politikarane og god driv i debatten. Blant anna måtte dei gjera greie for kva arbeid deira parti vil gjera for å styrkja nynorsken fram mot 2050. Saker som vart diskuterte var blant anna KI og språkmodellar, teknologigantar, Odda-

modellen og sjølvstøtt sidemål i skulen. Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, var også til stades og gjekk nærare inn i kva som gjer akkurat dette valet til eit sidemålsval.

Deltakarar

Sveinung Rotevatn, Venstre (1. kandidat)
Helge-Andre Njåstad, Framstegspartiet (1. kandidat)
Alexander Papas, SV (2. kandidat)
Lars Fjeldstad, Senterpartiet (2. kandidat)
Terje Kolbotn, Raudt (2. kandidat)
Andreas Ormevik, MDG (2. kandidat)
Harald Rydland, KrF (2. kandidat)
Linda Merkesdal, Ap (3. kandidat)
Lise-May Sæle, Høgre (5. kandidat)

SAHRA TORSVIK

Norsk Barneblad søker ny redaktør

Etter meir enn 25 år som redaktør i Norsk Barneblad skal **Nana Rise-Lynum** gje seg til våren. Rise-Lynum vart i fjor heidra med Målprisen 2024 frå Noregs Mållag.

■ – Takk for at du har gjort Norsk Barneblad til eit levande og aktuelt magasin, som aukar den nynorske leselysta blant barn og unge. Norsk Barneblad er betre enn nokon gong på grunn av deg, sa leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, då han delte ut prisen.

Norsk Barneblad – truleg verdas eldste barneblad – har vore gitt ut samanhengande sidan 1887. Norsk Barneblad har teikneseriar, forteljingar, moro og aktivitetsstoff, nytt frå verda, matspalte, sportsspalte og kviss i kvart nummer. Bladet, som i 2021 mottok prisen for beste design frå Norsk Tidsskriftforening, får ros for eit heilskapleg uttrykk der tekst og bilete spelar saman og vekkjer leselyst.

– No er bladet på jakt etter ny ansvarleg redaktør og dagleg leiar i 100 prosent stilling. Vi ser fram til å byrje jakta på den som skal ta over stafettpinnen etter Rise-Lynum. Ho etterlet seg eit blad som er godt forankra i sterke tradisjonar, men som også er nyskapande og aktuelt, seier styreleiar i Norsk Barneblad, Geir Egil Eiksund.

Jobben som redaktør inneber både ansvar for innhald og økonomi i bladet.

– Den nye redaktøren får i stor grad påverke jobbkvardagen sin. Det er liten tvil om at dette vil vere draumejobben for dei som brenn for nynorsk skriftkultur og formidling til barn og unge, seier han.

No som Rise-Lynum skal forlate redaktørjobben til fordel for pensjonisttilveret, kan ho sjå tilbake på mange flotte år i ein gjevande jobb.


– Eg er glad for å ha hatt verdas kanskje mest gøyale redaktørjobb. Ein jobb som aldri blir keisam, seier Rise-Lynum.

Jakta på den nye redaktøren startar i midten av september.

JHG



LANG TENESTE: Nana Rise-Lynum gjekk på som redaktør i Norsk Barneblad i 1999. No er den viktige nynorskinstitusjonen på jakt etter arvtakaren hennar.



Side Brok med ny plate

■ «Tupac og Elvis er daude for lengst», ropar Runar Gudnason, men Side Brok lever enno, 25 år etter oppstarten. No er den segnomspunne rap-gruppa frå Hovdebygda, med Gudnason i spissen, attende med nytt album. *All verda*, som er innspelt i lag med Sirkel Sag, er den

femte plata i rekkja, og den fyrste sidan 2013. 29. august var utgjevsdato, og allereie dagen etter var Ørsta åstad for fyrste dato på ein jubileumsturné som m.a. går til Oslo, Bergen og Trondheim.

JHG



Den norske sumaren er full av **festivalar av alle slag**. Mange av dei har språk, litteratur og kultur på programmet, og mange av dei profilerer seg på nynorsk. Norsk Tidend tok turen til ein av dei.

TEKST OG FOTO: JÓGVAN HELGE GARDAR



■ På Fjærland Fjordstove vert ein møtt med engelsk helsing i resepsjonen, men òg med ein kopp kaffi og ei utsikt det er vanskeleg å slå. *Norsk Tidend* har pakka bilen med kamera og ullgenser, ete svele mellom Oppedal og Lavik, og kome fram i tide til årets store hending i Fjærland: Boknatta. Frå krikar og krokhar tyt det fram kjente fjes frå forlag, mållag, media og diverse litteraturinstitusjonar, og snart er også lokalbefolkninga på plass.

Den årvisse eindagsfestivalen finn stad i Mundal sentrum, der det er gjort i stand til opplesingar, føredrag og samtale i kyrkja og rundt om i lokala til Bokbyen.

Opninga skjer frå hovudscena på ferjekaia, med publikum plassert i to store partytelt. Dei kjem straks til nytte, for ja: Det er meldt regn. Meir regn enn ein utandørs festival strengt tatt treng.

Heidi Bøhagen, dagleg leiar i Bokbyen, kjem opp på scena. Det er tale, så «Tung tids tale» av Halldis Moren Vesaas, så konfetti, før festivalen tek til. Entusiasmen er stor under alle regnjakkene.

– Kva har vore i fokus under planlegginga av programmet i år?

– Det som låg fremst i pannebrasken var verdssituasjonen, og særleg Israel/Palestina-konflikten. Derfor var Rana Issa den første forfattaren me inviterte. Eit arran-

gement om amerikanske presidentar kom også tidleg på plass. Det er vanskeleg å sjå for seg ein festival som ikkje skal ta den politiske situasjonen opp i seg på eit eller anna vis, seier Bøhagen. Ho kom til jobben ved Fjærlandsfjorden hausten 2023, og skipar no til Boknatta for andre gong.

Variert program

Issa sjølv vart sitjande fast på veg heim frå Libanon, men Boknatta kan likevel skilte med programpostar for heile familien, og ei imponerende tematisk breidde. På planen står møte om barnesong og alderdom, matlagning og datingmarknad, presidentar og verdsmeistarar i sjakk,

Sumar i Bokby



Boknatt byen



BOKNATTA: Boknatta i Fjærland er ein årvisss festival i Bokbyen, som finn stad tidleg på sumaren. Han trekker landskjende innleiarar og vitjande frå fjern og nær. Årets festival vart arrangert 28. juni med Hans Olav Lahlum, Sissel Gran, Katrine Sele og Brynjulf Jung Tjønn som største trekkplaster.

FESTIVALOPNING: Boknatta tok til med konfetti frå hovudscena på ferjekaia.



UTKANT: Fjærland har om lag 275 fastbuande, men under festivalen vert folketallet dobla.

alltid med høve til vaffel-eting og bokhandling mellom slaga.

Boknatta finn stad i eit nynorsk kjerneområde, og driv på nynorsk, men fleire av dei største profilane på programmet er likevel bokmålsforfattarar. Denne gongen gjeld det Hans Olav Lahlum og Sissel Gran, som bae godt og vel fyller den raude, Grosch-teikna kyrkja i løpet av dagen.

– *Korleis vektlegg de språka når de inviterer?*

– Me tenkjer me skal ha ein god miks av begge målformer, og dessutan ei blanding av lokale og nasjonale namn. Det synest eg me har fått til, seier Bøhagen.

Elles på programmet står namn som Katrine Sele og Brynjulf Jung Tjønn, som bae har fått stor merksemd for utgjevingane sine det siste året, høvesvis romanen *Menn som nesten elska meg*: sju års lengt etter kjærleiken, og diktsamlinga *Norsk kjærleik*. Dei to bøkene tener bae som fokus for godt vitja møte på ferjekaia. Medan regnet aukar på, les Tjønn frå samlingane sine til tonar frå musikalir Eirik Havnes, og skapar ei av dei minneverdige stundene denne sumaren. Og under møtet med Katrine Sele og Sissel Gran kan inga justering av høgtalarane konkurrere med den evige tromminga på teltduken.

30 år med bokby

Det var jonsokeftan 1996 at kulturminister Åse Kleveland opna

Den norske bokbyen i Fjærland. Det skulle store løft til, men med lokalt initiativ, finansiering frå stat og kommune, og bokgaver frå skular, bibliotek og privatpersonar, kunne prosjektet sjøsetjast: Snart fanst det litterært liv i mange av dei små husa langs fjøra i Mundal.

Inspirasjonen kom frå Hay-On-Wye i Wales, der Richard Booth på 60-talet tok initiativ til verdas første bokby. No finst dei i mange slag rundt om i verda, og to held hus her i Noreg: Bokbyen ved Skagerrak (Tvedestrand) har halde ope sidan 2003, medan den vestlandske systerbyen fyller 30 år til sumaren.

Men dei tre tiåra har ikkje alltid gått like knirkefritt. Dagleg leiar Bøhagen måtte sjølv rykke ut i Sogn Avis i januar, etter signal om at Sogndal kommune ville kutte brorparten av stønaden til Bokbyen.

– *Korleis er den økonomiske stoda no?*

– Etter eit par rundar med kommunen på byrjinga av året sikra me driftstilskot for tre år framover, som saman med tilskotet frå fylkeskommunen sikrar ei halv stilling i stiftinga. Det er jo ikkje så mykje, men eg vil påstå me gjer mykje ut av det me får, og ambisjonen er å auke både stillingsprosent og salstal, seier Heidi Bøhagen.

Og interessa for Bokbyen ser ut til å vere aukande.



BØKER I FOKUS: Bokbyen har 4000 hyllemeter med bøker i gamle hus av alle slag: fryseri, venterom, bank og postlokale.

– Straumsvåg antikvariat, som er ein uavhengig bokhandel under Bokbyen, har hatt salsrekord denne sommaren, og det er veldig gode nyheiter. Generelt har me hatt ein auke i sal den siste tida. Hurra! jublar Bøhagen.

– *Har de planar for 30-årsjubileet neste år?*

– Me har ikkje noko konkret på plass enno, ut over at me veit me må markere det på skikkeleg vis. Tenkjer folkefest og litteratur i skjønn foreining.



BOKSAL: Undervegs i festivalen er bokutsala i bygda fylte opp av store og små, på jakt etter bøker, eller ly frå regnet.



FESTIVALSJEF: Heidi Bøhagen har vore dagleg leiar i Bokbyen sidan 2023. Ho skipar til Boknatta for andre gong.



UNGDOMSKJELDA: Sissel Gran fylte Fjærland kyrkje med føredraget «Inni er vi alltid unge».



IKKJE VEGLAUS: Kjartan Helleve (t.h.) frå Fonna forlag lanserte Tvers gjennom fylket, ei bok om Fjærlands lange vegkamp, i lag med forfattar Terje Eggum (t.v.).

Trass i regnet

Både vinden og regnet testar kvaliteten på festivalriggen utover kvelden, til stadig meir vonlaus humring frå publikum. Medan mørket fell på, snakkar Hans Olav Lahlum og Civita-rådgjevar Eirik Løkke om amerikanske presiden-

tar i stadig krassare ordelag.

Og sjølv om vêret trugar med å trekke heile festivalen på fjorden, kan det vere godt å tenkje på at det finst plassar langt inne i ein fjordarm, der ein kan stanse opp, drikke kaffi, søkje ly for regnet i eit bokutsal, og sjeldan uroe seg

for meir enn om det finst tørre sokkar i bilen.

– *Korleis har det gått?*

– Den gjekk veldig bra! Det einaste som ikkje var full klaff var vêret, men også det vart betre enn først frykta, seier Heidi Bøhagen.

– Eg vil tru me var 350 publi-

kummarar samla. Heldigvis såg det ikkje ut som vêret gav særleg utslag på besøkstalet.

Morgonen etter har vêret stengt vegen attende til Lavik, men omkøyninga om Guddal er berre nokre mil lang. Dét har ein tid til.

Gode bøker og enkelt podkastutstyr kan vere alt ein treng for å gi elevar **gode opplevingar** med nynorsk.

5.-klassingar med boktips i ny podkast

JÓGVAN HELGE GARDAR/
NYNORSKSENTERET

■ I mai 2024 publiserte Nynorsksenteret ni podkastar om bøker for elevar på småtrinnet. Åtte elevar frå klasse 4b ved Øyra skule var med på prosjektet, som fekk nasjonal merksemd. Skuleåret etter har heile klasse 5b ved Øyra skule spelt inn podkastar med boktips for mellomtrinnet.

– Det har vore ei lærerik og kjekk oppleving for både elevar og lærarar. Elevane har fått møte ulike forteljingar, språklege uttrykk og tema som har engasjert dei på ulike måtar, seier lærar Astrid Velsvik Henriksen.

Aktivt møte med bøkene
Norskfaget skal gi elevane litt rære opplevingar og moglegheit til å uttrykke seg kreativt og skapande (LK 20). I ein klasse med 27 elevar vil det vere barn med svært ulike lesevanar.

– Nokre les mykje, og nokre les lite eller ingenting. I dette prosjektet ber vi elevane meine noko om bøkene. Dermed får elevane eit meir aktivt møte med bøkene, seier høgskulelektor Heidi Fagna ved Nynorsksenteret.

For å mestre eit språk må ein møte det mest mogleg. Mange elevar møter mindre nynorsk enn bokmål. Det gjeld både elevar

som har nynorsk som hovudmål, og elevar som har nynorsk som sidemål.

Om prosjektet

Lærarane, Tone Botn og Astrid Velsvik Henriksen, har lese fem bøker på nynorsk høgt for alle elevane i klassen. Etter at lærarane var ferdige med å lese kvar bok, fekk klassen besøk av Heidi Fagna og Ingvild Myklebust Hovden frå Nynorsksenteret. Kvar elev fekk utdelt ei notatbok som dei kunne skrive og teikne i. På kvar boksamling fekk elevane teikne medan ein vaksen las høgt. Etterpå vart elevane bedne om å skrive ei setning eller to om kva dei synest om boka.

– Det har vore veldig viktig at det er elevane si mening som kjem fram. Vi har ikkje lagt føringar på kva det er lov å meine om ei bok, seier Fagna.

Alle elevane i klassa fekk tilbod om å vere med. På kvar innspeling deltok seks elevar, og gjennom skuleåret har alle vore med.

“ **Eg synest at å få vere med på å lage podkast har vore ei ære. For eg synest det er fint å få dele leseglede og den nye verda ein kan oppleve av bøker.**

Jente, 5b

ENGASJERTE: – Elevane har vist stor glede, innhaldet i bøkene og kome med eigne tankar og

– Elevane har vist stor glede, interesse og nysgjerrighet gjennom heile prosjektet. Dei har lytta aktivt, diskutert innhaldet i bøkene og kome med eigne tankar og refleksjonar. Å få lese høgt, og seinare delta i innspeling av podkast, har vore motiverande og gitt elevane ei kjensle av meistring og stolt-



Dialektfestivalen i Strandebarm
26. – 28. sept. 2025

<https://dialektfestival.no>

Fylkesordførar Jon Askeland – Helge Jordal
Gjertruds Sigøynerorkester – Arve Thorvik
Ruth Lillegraven – Børsheim/ Djonne m.fl.

Arr.: Kvam Mållag – Fosse-stiftinga - Folkeakademiet

Og no er det tredje gongen

■ innlegg

For å laga ein vri på ei strofe frå Alf Prøysen: «Og no er det tredje gongen».

Forfattaren Eirin Holberg og illustratøren Åshild Irgens fekk nyleg Nynorsk barnelitteraturpris 2024 for boka *Steinalderen. 10 000 år gamle tyggisar og hovudskallar på stong*, utgitt på Samlaget. Vel fortent, begge to.

Noregs Mållag har delt ut pri-

sen sidan 1956, og for fyrste gong er det ei sakprosa bok som når heilt opp og får prisen, melder Noregs Mållag.

Så her kjem to tilbakemeldingar frå meg. For det fyrste: Så bra at ei sakprosa bok for barn får ein slik pris! For det andre: Nei, det er no ikkje fyrste gongen. Eg hugsar godt at Mikael Holmberg og eg fekk prisen i 1997 for boka *Bilde i berg*, Det Norske Samlaget. Har eg ikkje rekna aldeles feil, var det fyrste



interesse og nysgjerrighet gjennom heile prosjektet. Dei har lytta aktivt, diskutert refleksjonar, seier lærar Astrid Velsvik Henriksen. Foto: Nynorsksenteret

heit, seier Astrid Velsvik Henriksen.

– Kva har overraska dokker mest?

– Det som har overraska oss mest, er kor engasjerte og modige elevane har vore. Mange har tort å lese inn i mikrofon og dele tankar om bøkene, uansett kva erfaring

dei har med å lese bøker.

For oss er det viktig at alle er saman om klasseprosjekt, og det har vi fått til. Vi har oppdaga nye sider ved kvarandre, og det har styrkt både samhald og leseglede i klassen. Å ha vekt på høgtlesing i klasserommet har gitt ro, tid og rom for refleksjon, seier Henriksen.

gongen. Og så var det andre gongen: I 2013 fekk Erna Osland prisen for boka *Nasevis*, utgitt på Samlaget. Fort gjort å gå i surr i teljinga.

Men det må no tene Noregs Mållag og Samlaget til ære at det alt er tredje gongen ei nynorsk sakprosa-bok for barn får denne gjeve prisen. Når kjem fjerde gongen, skal tru?

Olav Norheim



Bokklubb for barn

Vil du gjere noko bra for eit barn? Start ein **bokklubb**! Det er lettare enn du trur.

■ Alle vaksne som kan lese kan gjere det, og du gir barna noko enormt verdifullt: Du spreier leseglede. Du let barna oppdage nye bøker. Du introduserer nokre av barna for idéen om å bruke fritid på bøker. Du lagar eit rom der barna kan vere saman utan å prestere, der dei kan bidra så mykje eller så lite som dei vil. Du legg grunnlaget for gode relasjonar mellom barna. Du gir dei ein skjermfri time. Lista er lang.

Ein bokklubb passar både for barn som elsker bøker, og for dei som kjem frå heimar der det vert lese lite eller ikkje i det heile. Ein bokklubb gir inspirasjon, og han kan gi meistring i møtet med bøker. For barn med foreldre som er nye i Noreg, er det ekstra viktig å verte lesne for på språket dei sjølve skal meistre.

Praktisk

Allier deg med eit par foreldre som vert med. Finn ei fast tid. Ein time er nok. Ha samlingane ein stad som er gratis, som folkebiblioteket. Då kan alle vere med.

Det kan vere lurt å legge samlingane til vinterhalvåret. Tida mellom haust- og påskeferien er bra. Kanskje vil du prøve deg fram med tre-fire samlingar i første omgang, og gjerne berre annakvar veke. Då vert det ikkje så krevjande for dei vaksne å binde seg.

Samstundes som det er viktig å inkludere alle, kan ikkje gruppa vere for stor. I klassar større enn 10–12 elevar, er det lurt å dele gutane og jentene.

Finn ei bok på førehand som du tenker kan passe. I utgangspunktet les ein vaksen. Etterkvart vil kanskje også nokre av barna lese.

Det viktigaste av alt: Det må vere kjekt. Legg til rette for god stemning. Lat barna oppleve ei triveleg stund som inkluderer bøker. Opplevinga er mykje viktigare enn at du rekk å lese mange sider. Ha rom for det spontane, dersom t.d. nokon finn ei quiz- eller vitsebok. Ta imot innspela barna kjem med. Ha gjerne med kjeks.

Bokutval

Ta deg tid til å finne ei passande bok. Start gjerne med ei som tek kort tid å lese. Alle liker ei god historie. Humor treffer dei fleste. Gutar liker ofte fakta. Det er ingen fasit.

Barn som veks opp i nynorsk-område, er så omringa av bokmål og engelsk at dei gjerne ikkje får verte trygge i sitt eige språk. Dermed vert det ekstra viktig å lese

nynorske bøker for dei. Det finst mange gode bøker, og her er eit utval:

1. klassingar:

- Janne Marit Øye og Anne Angelshaug: *Snøhumla Mille* (Skald)
- Ulike forfattarar: *Visste du at...?* (Samlaget)
- Anna R. Folkestad: Serien om Besta og Bo (Samlaget)
- Vegard Markhus: Serien om Ravi og Rine (Samlaget)

2. klassingar:

- Kari Stai: Serien om Jakob og Neikob (Samlaget)
- Vegard Markhus: *Det runde problemet, Ei kjedeleg bok, Timothy mister seg sjølv* (Samlaget)
- Maria Parr og Åshild Irgens (ill.): *Storebror* (Samlaget)
- Erna Osland: *Under ein stein* (Samlaget)
- Lisbeth Dreyer og Per Ragnar Møkleby: *Konrad kråkebolle og andre fjærefantar* (Skald)

3. klassingar:

- Mange forfattarar: *Verdas rekordbok, Verdas tøffaste dyr, Verdas forsvunne skattar, Verdas mystiske stader, Supersmart, Superrask* (Samlaget)
- Marianne Gretteberg Engedal: *Pølsetjuven, Polititjuven, Verdas rikaste tjuv* (Samlaget)

4. klassingar:

- Hans Sande: Serien om Arki-medes (Gyldendal)
- Kari Stai: *Er det sant at* (Samlaget)
- Sigmund Løvåsen: *Tusen elgar i garasjen* (Samlaget)

Fleire boktips: Du finn omtalar av nesten 1000 bøker på nynorsk bok.no.

Om du held liv i bokklubben når barna bikkar over på mellomtrinnet, er det heilt nydeleg. Til denne aldersgruppa finst det færre biletbøker, men nokre fungerer framleis fint, t.d. bøkene om Arkimedes og fakta-bøkene nemnde for 3. klasse.

Andre tips til barn på mellomtrinnet:

- Jan Magnus Bruheim: *Trollguten og andre dikt* (Samlaget)
- Ruth Lillegraven: *Badesommar* (Samlaget)
- Anders Totland: *Nattmannen, Pest og Plage* (Gyldendal)
- Arnfinn Kolerud: *Jakta på Andy Andersons eftf.* (Samlaget)

Lukke till!

Heidi Fagna, som har hatt ein nydeleg gutebokklubb frå dei var 8 år. Ho er også tilsett ved Nynorsksenteret.

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Artikkelen «Norsk Sprogreformasjon» frå 1832 blir rekna som eit program-skrift for det som seinare blei riksmål – kven var opphavsmannen?
- 2 Kven stod bak boka *Det norske målstræv* frå 1867?
- 3 Kva særpregar ein multietnolekt?
- 4 Svenskane ber om «glass» når vi ber om «is(krem)» – kvar har dei fått det ordet frå?
- 5 Når blei Den norske bokbyen i Fjærland offisielt opna?
- 6 Jon Fosse har nyleg gitt ut ein ny roman – kva er tittelen?
- 7 Når blei ordninga med sperregrense innført ved norske stortingsval?
- 8 Kva er den yngste vallista som har vore representert på Stortinget i perioden 2021–2025?
- 9 Kva heiter kartografen som gjorde Grønland større og Afrika mindre på grunn av projeksjonsmetoden han brukte?
- 10 Kva for eit land er det einaste som grensar til både Kaspihavet og Per-siabukta?
- 11 Kva dataselskap lanserte i 1984 eit banebrytande grafisk brukargren-sesnitt som seinare er blitt standard for personlege datamaskiner?
- 12 I 1968 blei postnummera innførte i Noreg – var dei firesifra i byrjinga?
- 13 Kvar finn du postnummer 0001?
- 14 Kva land er den største produ-senten av litium – ein viktig del av kjemien i moderne elbilbatteri?
- 15 Verdas største bilprodusent i 2024 har få elbilmodellar. Kva heiter bil-merket?
- 16 Eplesideren blir destillert og så lagra på eikefat i minimum to–tre år – kva heiter brennevinet vi får av prosessen?
- 17 Bergfrue er den eine av to nasjo-nalplanter i Noreg – kva heiter den andre?
- 18 I kva næring finn vi arbeidartittelen stiger?
- 19 Kva er kjenneteiknet ved ein ekstremofil organisme?

SVAR
1 P.A. Munch
2 Knud Knudsen
3 Språkbukarene flettar inn språktrekk og ord frå fleire andre språk i majoritetsspråket.
4 Det har lånt det frå fransk «glace».
5 I 1996 (23. juni)
6 Valm
7 1989
8 Pasientfokus (men er ikkje formelt regis-tert som parti)
9 Gerhard Mercator (1512–1594)
10 Iran
11 Apple
12 Ja
13 Oslo
14 Australia
15 Toyota
16 calvados
17 røsslyng
18 gruvedrift
19 Det er (mikro)organismar som kan vekse under ytre forhold som er ekstreme for menneske.



PRISTAKAR: Lars Moa vert heidra for sine talrike omsetjingar frå færøysk til levande og moderne nynorsk.

Foto: Roar Fordal/Orkana Forlag

Nordisk omsetjarpris til Lars Moa

Lars Moa får Letterstedtska föreningens nordiske omsetjarpris for 2025.

JÓGVAN HELGE GARDAR

helge.gardar@nm.no

■ Prisen løner omsetjing mellom dei nordiske språka, anten av enkeltstående literære eller essayistiske verk, eller av ei heilskapleg omsetjargjering. Prispen-gane, 100 000 svenske kroner, er finansierte av ei gåve frå Lars-Olof Nyhlén, pensjonert universitetslektor i tysk ved Stockholms universitet, og kona hans, Marthe Urzander. Letterstedtska föreningen, grunnlagd 1875, har som føremål «att befordra gemen-skapen mellan de fem nor-diska länderna med avseende på industri, vetenskap och konst».

Prisen vert delt ut for fjor-tande gong, og går i år til Lars

Moa, som dei siste tiåra har omsett ei rekkje verk frå fær-øysk til norsk.

«Artig»

Til grunngeving skriv juryen:

«Letterstedtska förenin-gens nordiska översättarpris ur de nyhlénska medlen 2025 går til den norske omsetjaren Lars Moa for hans mange omsetjingar frå færøysk til levande og moderne nynorsk. Omsetjingane av ei rad med diktsamlingar syner høg språk-leg presisjon; samstundes som dei er prega av djup innsikt i dei kulturelle og sosiale tilhøva som ligg bak originalverka.»

Lars Moa er smålåten og ord-knapp når han får vite at han får prisen: Det var «artig», seier han. Men som prisvinnarane før han, er han nok både litt overraska og ikkje så lite stolt.

Alle sjangrar

Lars Moa, fødd 1947, er utdanna lærar (adjunkt), og

underviste i ungdomsskulen frå 1970 til 2009. Frå 2003 har han omsett eller gjendikta bøker i alle sjangrar frå færøysk til nynorsk: barnebøker, diktsam-lingar, skodespel og romanar. Flest bøker har han omsett av Jóanes Nielsen.

I tillegg har han omsett blant andre Oddvør Johansen, Mar-jun Syderbø Kjernes og Jógvan Isaksen. Han er for tida den einaste som gjer det viktige kulturarbeidet det er å omsetje bøker frå Færøyane, og slik sett kan ein hevde at det er han åleine som har gjort moderne færøysk litteratur tilgjengeleg på norsk.

Prisa omsetjar

Moa har vore nominert til ei rad viktige prisar for omsetjing, og han har som nynorskbrukar fått Noregs Mållags Målblome i 2007, Alfred Andersson-Ryssts pris i 2011 og Trøndersk målpris i 2020. Moa er også leiar i Stjør-dal Mållag.

ORD-TAK	STAND-ARDI-SERER	REISE	EIN HÅVARD FISK		FASTE	MANN	FYLKE		HOVUD-PLAGGA	RAS-BYGD TONE			AVTALE PERI-FERAR	BLAKKEN			RYKTE-SMED STILLE
VED-LEGG																	
TIDL. FRAKTE-FARTØY														EIGEN-RÅDIG			
RANG-ERTE LUKE									LIKE					LIVSSYN			
			ØSAR						BIB. MANN					SKJELV			
			MOSJON					LEVEN			NATUR-FENO-MEN				FROST		
TIDL. KOMM.				VRANG		SJUK-DOM (FORK.)		KABEL									SPOR
FUGL					RØRLEG							LIKE			NABOAR		
LIKE					SNAKKE										OMRÅDE I AFRIKA		
KILE					UTYDE-LEG								ANGE				
BRINGA					SKUMLE								FRAUS				
						IRIDIUM			BIB. PERSON			PLAGG-DELAR PRON.					
TIDL. LEIAR I NOREGS MÅLLAG			HUD	NEI				FOLKE-DANS					BEIN				KAN AV OG TIL HENGE
FINGRE KOPE			IDR.ARR.										GLAS				
					TRAU			AVKOM						PERIODE			
								GURPE						FØLGJE			
											LÆKJE						
FLIRER			BRIT BILDØEN-ROMAN	NO. ELV TAL					BLOKK (FØR)	AV-DRAGET DRUE						INN-VENDING	
PERIODE			LIKE		FINSK INNVAN-DRAR		AM. STAT					NEKT-ING		LIKE			
RISTAR			KINN				OPP-TEKEN							FESTE-MIDDEL			
PLAGE														VEKST			
						PRESI-DENT-SPORT		SJAN-GLA	HEVDA				KVASS BERG-TOPP	BIBELSK BROR MANN			
									MANN								
RØYSA																	NO. ELV
			AULE														
				STJER-NA								PREP.		FØR AMT			
				LIKE								EUR. ELV		SAUME			
HØFLEG SVAR					BIBELSK PERSON					EKSAK-TE							
RAMME																	
ÅRETS NYORD I 2022													ORDA FRAM-PÅ				

■ **løysing** • Nr. 2 – 2025

[illegible]

Vinnarar av kryssord nr. 2, 2025:

1. Inger Marie Urkedal, Vatne
2. Roald Sund, Trondheim
3. Arnt Brakstad, Frekhaug

Send løysinga til:

Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 Oslo

eller e-post:
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.


Frist: 10. November

Merk sendinga «Kryssord».
Rett løysing kjem i neste utgåve.
Tre vinnarar vert trekte ut og får
ein fin premie.

Namn :

Adresse:**Postnummer/-stad:**

I SAL FRÅ 5. SEPTEMBER



Samlaget.no

Samlaget



BESTILL
BOKA HER

*men eg kan vel ikkje be Eline koma om bord i
båten no nattes tid, gift kone ho er og alt
Kan eg få koma om bord i båten, seier Eline
Ja, ver velkomen, seier eg
Ver velkomen, tek eg opp att*

Jatgeir frå Vaim reiser med snekka Eline til Bjørgvin. Underleg nok får han med seg heim sin ungdoms kjærleik Eline som rømer frå mannen Frank. Vaim er ei forteljing om Eline, Jatgeir og Frank, snekker og sjarkar, kjærleik og død, føyelege menn og ei uvanleg viljesterk dame.

Vaim er fyrste av tre romanar knytte til den oppdikta staden Vaim.



LANDSSTYRE: – Læringsressurs, schmæringsressurs, seier landsstyret i Norsk Målungdom. Frå øvst til venstre: Synne Solberg, Lauritz Dworek Senneseth, Ivar Aasen, Dagny Hilanda Vågstøl Juuhl, Daniel Tobias Johansen Langhoff, Sebastian Vincent Natvik, Ellinor Linnea, Maciej Szymanski, Peder Nicolai Lea Reime, Adrian Ådlands-vik, Herman Mortensen, Nicolai Hauge Ravnstad, Solfrid Ulvestadbakken og Sigrif Sofia Grip Skovly. Foto: Mari Kaslegard / NMU

Fred, fridom og alt på nynorsk

Det er likegyldig for elevane om programmet dei brukar kallast **lære-middel eller lærings-ressurs**, så lenge dei får det på språket sitt.

■ Ein rapport frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) slår fast at nynorskelevar møter for mykje bokmål i skulekvardagen. Den viser at berre 49 av 95 læringsressursar har noko innhald på nynorsk, og at mengda nynorsk i kvar enkelt ressurs som regel er veldig avgrensa. Dette er eit enormt problem for dei som elles har rett på undervisning på nynorsk.

Uklar grense

Opplæringslova i dag stiller nemleg ikkje noko særleg språkkrav til læringsressursar, til forskjell for læremiddel, som skal finnast paral-

lelt på bokmål og nynorsk. Grunngevinga for dette er at læremiddel skal vera utvikla spesielt for bruk i skulen, mens læringsressursar ikkje treng det. Problemet er berre at det ofte er uklart kor denne grensa går, og at læremiddel blir feilaktig klassifisert som læringsressursar.

Nye hjelpemiddel

Eit døme på dette er plattformen NRK Skole, som etter namnet å dømme openbert burde kunne kallast læringsmiddel og følge tilhøyrande krav. Men, nokså overraskande, får dei kalle seg «læringsressurs» og slepp unna med berre 15 prosent innhald på nynorsk. Andre døme viser at det som kan vera eit læremiddel på nokre skular er læringsressurs på andre, og at definisjonen kan variere frå fag til fag. Det blir rett og slett vanskeleg å vita når ein kan setta krav til nynorsk alternativ.

Skulebøker og tavleun-

dervisning blir stadig avløyst av nye pedagogiske hjelpemiddel. Då er det viktig at me ikkje etterlet krava til språk og kvalitet i det gamle klasserommet. For nynorskelevane er det avgjerande for at dei skal bli støe i rettskriving at dei får møte språket sitt nok i skulekvardagen. Dersom me tillet at det snik seg inn meir bokmål i undervisninga deira, kjem det til å visast på lese- og skriveprøvene.

Same krava

Når funksjonen til læremidla og læringsressursane likevel glir over i kvarandre, er det ingen grunn til at krava me stiller til dei skal vera så forskjellige. Til sjuande og sist treng elevane å møte meir nynorsk i skulen, uansett om det er på iPaden eller på tavla. Middel eller ressurs – nynorskelevane bryr seg ikkje om kva Udir kallar det. Dei vil berre ha same føresetnadar som sidemålslevane.

LANDSSTYRET I NMU

■ leiarspalta



SEBASTIAN VINCENT NATVIK
Leiar i Norsk Målungdom

Norsk rettskriving – statens ansvar

■ I ei undersøking Språkrådet gjorde etter at ny opplæringslov tok til å gjelde, ser ein at stavekontroll i norsk skule ikkje held stand. Han godtek dårleg språk og merkar korrekt språk som feil. Dårleg stavekontroll er eit stort pedagogisk problem for nynorsken, for det bidrar til å hemme sjølvkjensla til folk som er brukarar av mindre brukte språk. Konsekvensen av falmande stavekontroll er nynorskelevar som får mykje dårlegare ressursar til å hjelpe dei med å verte trygge på sitt eige språk, medan sidemålsundervisning for bokmålslevar vert frustrerende.

■ I august vedtok landsstyret i NMU at Noreg må gå vekk frå stavekontrolltenestene til teknologigigantane, og heller utvikle eit statleg skriveprogram som skal følgje norsk rettskriving. På både bokmål og nynorsk vert stavemåtar som er korrekt språk merkte som feil, medan fleire stavemåtar som til dømes *kjærlegheit* og *låv* på nynorsk, vert godtekne. Ved å bruke skriveprogramma frå Microsoft, Google, eller Apple bryt skular over heile landet opplæringslova §15-4 om at skriveprogramma skal følgje offisiell rettskriving på nynorsk og bokmål. Innkjøpsmakta vert pulverisert når det ikkje finst reelle alternativ som er lovleg å bruke.

■ Når skriveprogramma verken kan bokmål eller nynorsk, og Silicon Valley ikkje er til å rikke, må staten Noreg kome inn og gje kommunane eit reelt alternativ som ikkje bryt lova eller bidreg til vranglære når elevar skriv. Teknologiselskapa har ved fleire høve fjerna språk frå tenesene sine, og seinast i 2020 gjekk Microsoft inn for å fjerne 26 språk frå e-postprogrammet Outlook, inkludert nynorsk. Dette råka 650 millionar språkbrukarar. I denne saka snudde Microsoft, men det syner at ein ikkje kan lite på at eit amerikansk selskap bryr seg om at produkta deira skal vere brukarvennlege i resten av verda.

■ Så lenge skriveprogramma ikkje kan norsk skal ikkje teknologigigantane ha Noreg som kunde. Alle elevar har rett på ressursar som hjelper dei å verte sjølvsikre språkbrukarar. Det skal den norske staten sikre.

Målmannen Aslak L. Helleve har gått bort

■ Aslak L. Helleve døydd fredag 18. juli, 78 år gamal. Aslak var utdanna lærar med m.a. norsk og historie i fagkrinsen.

I 1969 var Aslak formann i NSEM – Noregs Student- og Elevmållag – etter at han i eit par år hadde vore engasjert i Studentmållaget i Bergen.

Ei sak som Aslak brann for og stridde for var nynorske læremiddel, m.a. i samband med læremiddelaksjonen i 1971.

Etter å ha vore lærar i Aurland i nokre år studerte han vidare i Trondheim, og der var han aktivt med i arbeidet for å få til nynorske parallellklassar. Han var ivrig med i mållaget ved universitetet og la ned eit stort arbeid i skulemålsrøystingar i Trøndelag.

Han var formann i Voss Mållag 1982–84.

Aslak var venesæl og kunnskapsrik. Han godtok aldri halvveges kunnskap, han ville finna det

som var sant og rett. Han var med å gje ut ei ny utgåve av Ivar Aasens *Prøver af Landsmaalet i Norge* på Vestanbok forlag i 1985, der han har skrive eit viktig etterord.

Fram gjennom åra la han ned eit stort målarbeid. Han var aldri redd for å seia frå i media om sakene han brann for. Det galdt m.a. i striden mot EEC i 1972.

På årsmøtet til Hordaland Mållag i 2020 fortalde han om bakgrunnen for skipinga av laget i 1970, og om målarbeid i 60- og 70-åra.

Saman med m.a. Olaf Almenningen og Hermund Slaattelid arbeidde han for å stogga tilbakegangen for nynorsk skulemål. Dette var sterkt medverkande til at tilbakegangen vart vendt til framgang i 1980-åra.

Me er takksame for at me lærde Aslak å kjenna, og lyser fred over minnet hans.

Arve Elvik og Knut O. Dale




Foto: Vidar Herre

Sevat Kjellargard til minne

■ Sevat Kjellargard døydd hausten 2024, 76 år gammal. Han kom frå Vats i Ål i Hallingdal, og studerte samfunnsfag på Universitetet i Oslo på sytti- og åttitalet. Seint på åttitalet avbraut han studia for å overta garden foreldra hadde drive i Vats.

Han var mest aktiv i målrørsla gjennom sytti- og åttiåra, først i Studentmållaget i Oslo, der han sat i styret i 1974, og var redaksjonsmedlem i tidskriftet *Mål og Makt* frå 1977 til

1981. Seinare var han aktiv m.a. i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) og i Kringkastingsringen. Han var medarbeidar i BUL sitt medlemsblad, *BULnytt*, seinare *Lagsbladet*, midt på åttitalet, og i *Norsk Tidend* (Riksutgåva), der Kringkastingsringen hadde hand om midtsidene frå 1986. Sevat var aktivt med i dette arbeidet fram til han flytte frå Oslo. Han var òg redaksjonsmedlem for boka *Språkundertrykking*, som kom i 1982, men baserte seg på

eit jubileumsseminar ved åttiårsjubileet til Studentmållaget i 1980.

Sevat var ein trufast slitar i målarbeidet. Han var ein mann med store kunnskapar og uvanleg godt minne. Han var ikkje av dei som stakk seg mykje fram og heller ikkje av dei som sette mange synlege spor etter seg, men me som hadde med han å gjere i målarbeidet, veit inderleg vel at utan hans innsats hadde ikkje dette arbeidet nådd så mykje fram som

det har gjort. Målrørsla har all grunn til å minnast Sevat med takksemi og respekt.

**Marit Hovdenak
Olav Randen
Kjell Arve Straumsvåg
Aud Søyland
Knut S. Vikør
Lars S. Vikør
Roald Waktshjold**

Ved mistak har ikkje minneordet kome på prent før no. Redaktøren orsakar.

Aslaug Nyrnes (1953–2025)

■ Lom har mista ein av sine største akademiske eksportartiklar: Aslaug Nyrnes. Aslaug vaks opp i grenda og miljøet Tor Jonsson etterlet seg. Ho var medviten arven og miljøet, og ho har lyfta fram samgreindingen sin i tale og skrift, både i og utanfor sitt akademiske virke. Aslaug har vore viktig for laget, men framfor alt den eine som har teke Tor sitt forfatterskap inn i det som kan kallast den vitskaplege retorikk-forskinga. Eit år brukte ho òg ferien sin i «Stusslegstugu» på å registrere bøkene Tor sjølv hadde ikring seg. Slik analyserte ho den språklege og skriftlege heimen og universet forfattaren levde i. Ho merkte seg òg kva bøker som ikkje var opna og lesne, som kunne fortelja noko om forfattaren, om prioriteringar, smak og unytta potensiale. Aslaug Nyrnes har hatt sitt

virke innan litteraturvitskap og kunstfagleg didaktikk, hovudsakleg ved høgskule og universitet i Bergen. Ho brukte landskapet og skriftkulturen ho vaks opp i aktivt i forkinga og formidlinga si.

Me i Tor Jonsson-laget er henne stor takk skuldig for hennar livslange innsats. Me takkar Aslaug for at ho var slik ei framifrå sendekvinne – for Lom, Tor Jonsson og det skrivne, nynorske ord.

*Nei, du er ikkje død.
For enno ber stilla merke
av siste orda du sa.
Kanskje gjekk du som snøggast ut
til stillare glede ein stad.*

Til liks med samgreindingen Tor, let Aslaug etter seg tankar som held – og spor som kveikjer. Signe minnet.

Styret i Tor Jonsson-laget



Foto: Privat

Olaf Almenningen, heidersmedlem i Noregs Mållag, døydde brått den 11. juni, 78 år gammal. Bisetjinga fann stad 19. juni i Østre gravlund store kapell i Oslo. Kjetil Aasen heldt denne **minnetala** på vegner av styret i Noregs Mållag:



Foto: BUL

Olaf Almenningen (1947–2025)

■ Olaf Almenningen var ein livslang målmann, som gjennom to mannsaldrar gjorde uvanleg mykje for målsaka og for nynorsken. Det er med sorg vi i Noregs Mållag fekk meldinga om at han hadde gått ut av tida.

Alt på juniorlaget til Voss i fotball var Olaf målmann, og derfrå heldt det fram. Olaf byrja tidleg å engasjere seg i målarbeid. På Voss gymnas var det eit elevmållag, og der vart Olaf formann. Og då han byrja å studere ved Universitetet i Bergen, vart han raskt aktiv i Studentmållaget der. Då var studentmållaget ein av dei verkeleg store organisasjonane i studentmiljøet, og det var mykje aktivitet, energi og sjølvtilitt i laget.

Frå 1972 til 1973 var Olaf nestledar i Norsk Målungdom, og i 1976, berre 29 år gammal, vart han dagleg leiar, eller *skrivar* som det heitte den gongen, i Noregs Mållag. Denne stillinga hadde han i ti år. Som skrivar i Noregs Mållag hadde Olaf ord på seg for å vere ryddig, flink til å forstå alle partar, og for å vere lojal. Og desse eigenskapane kom godt med. Han var dagleg leiar i nokre av dei åra som har vore mest konfliktfylte i Mållaget. Olaf var kunnskapsrik,

handlekraftig, vidsynt og hadde ein lun humor. Det var ekstra viktig, når det vart vel mykje splid og strid i organisasjonen.

Olaf har verkeleg vore ein av sokeskrivarane i Noregs Mållag. Han var ein av forfattarane av 75-årsjubileumsboka til Noregs Mållag, som kom ut i 1981, og av 100-årsjubileumsboka til Studentmållaget i Oslo, som kom ut i 2003.

Olaf la òg ned stor innsats i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL), som òg er eit lokallag i Noregs Mållag, særleg i Idrottslaget. Han skreiv ei 90-årsjubileumsbok for BUL og to jubileumsbøker for Idrottslaget i BUL. Han vart òg utnemnd til heidersmedlem i BUL.

Etter tida som skrivar i Noregs Mållag vart Olaf tilsett som redaktør i Norsk Ordbok ved Universitetet i Oslo, ei stilling han hadde fram 2016, då han vart pensjonist. Der fekk han verkeleg høve til å arbeide med *målet*. Her heldt han altså fram som *målmann* i så bokstavleg forstand som ein kan tenkje seg, som ei leiande kraft i det arbeidslaget som gav oss – for å sitere prosjektbeskrivinga – «ei uttømmende vitskapleg framstil-

ling av ordtilfanget i dei norske dialektane frå 1600 til i dag og i det nynorske skriftmålet».

På landsmøtet i 2018 vart Olaf, vel fortent, utnemnd til heidersmedlem i Noregs Mållag.

For oss som tek stafettpippen vidare etter Olaf og alle hans samtidige, har det alltid vore mykje å lære av å slå av ein prat. Men kanskje like viktig: Olaf var aldri med i «vi som aldri gjorde feil og alt var betre før»-klubben. Tvert imot gav han ofte både ros og oppmuntrande og anerkjennande ord til aktive målfolk.

Vi veit kor mykje sosiale medium har å seie for å forme synet vårt på omverda. Olaf var ein av dei som forstod dette, og han skreiv stadig kommentarar, innspel og utspel på Facebook der han var med og løfta dei som i dag kjempar for å halde på nynorsken anten det er lokalt, i skulen, eller nasjonalt.

Det er så mykje å takke Olaf for. Når vi i Mållaget har vore i tvil om noko i den nære historia, så spurde vi gjerne Olaf om korleis det var. Det var mykje han visste, som var til god hjelp for oss.

Vi minnest Olaf Almenningen med stor takksemd og glede.

Takk for taket, Olaf!

Tusen takk! Mellom 4. juni og 26. august fekk Noregs Mållag 437 969 kroner i gåve. Gåvene har vore veldig viktige bidrag til kampanjen vår *Nynorsk i skulen for alle!*, og vert viktige for vidare arbeid med å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, og merk at me har fått nytt kontonummer i nynorskbank: 3480.17.82851. Du kan også vipse eit valfritt beløp (på nynorsk!) til 90540. **Takk!**

**MÅLGÅVE
MED VIPPS:
90540**

AUST-AGDER MÅLLAG

Lars Aasbø
Jon Olav Gryting
Olav Hoftuft
Lisbet Homme
Knut K. Homme
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Per Bernt Knudsen
Karl Kråkedal
Ragnar Kaasa
Ingebjørg Lauvstad
Jon Kolbjørn Lindset
Signe Alise Olstad
Kari Hagelia Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Svein Olav Ramse
Kåre Rike
Magnhild Synnøve
Skjeggedal
Johannes G. Torstveit
Petra Marie
Gunnarsdotter Trydal
Helge Ove Tveiten
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Karianne A. Aam
Syver Berge
Anders Bjørge
Eldrid Brandvol
Hans Einar Bratberg
Jon Steinar Bredeveien
Alv Reidar Dale
Tor Johannes Einbu
Ingvild Marie Eknes
Kari Fortun
Harald Ove Foss
Tordis Irene Fosse
Jon Guttorm Fretheim
Kristin Fridtun
Kjell Gulbrandsen
Olav Haraldseid
Trond Harkjerr
Magnhild Harsheim
Gaute Elvæsæter Helland
Bjarte Hole
Ola Holen
Gunn Strømsøyen
Hvamstad
Gunvald Axner Ims
Olav Jenssveen
Helene Strand Johansen
Ola Jonsmoen
Agnethe Jovall
Turid Kleiva
Reidulv Kleppe
Kirsten Knudsen
Svanhild Vigdis Kolden
Inger Margrethe
Kyllingstad
Grete Langodden
Nils Kristian Lie
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Egil Myhre
Tea Myrstad
Asbjørn Myrvang
Sigurd Nestande
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Jørgen Nordstegard
Liv Ofegsbø
Ola Magne Robøle
Oddvar Romundset
Magne Rydland

Ivar Schjølberg
Egil Skullerud
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Reidun Snerle
Reidun Ramse Sørensen
Gudmund Teigen
Ola Tronsmoen
Kristin Beate Hovstein
Vanebo
Olav Veka
Magne Velure
Frode Vestrheim
Jostein Visdal
Eskil Aasen Wangen
Ingebjørg Østerås
Åse Grønlien Østmoe
Rolv Kristen Øygard
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam
Aarset
Karin Arnesen
Maria Høgetveit Berg
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Karen-Margrethe
Erlandsrud
Jan Fekjan
Borgny Feten
Hans-Ove Grostølen
Ole Grov
Oddrun Grønvik
Asbjørn J. Grøthe
Einar Hanserud
Sigrid Hjelmen
Bjørn Ole Hovda
Bjørn Kari Brattåker
Håheim
Frode Kinserdal
Randi Birgitte Lien
Odd Oleivsgard
Gro Randen
Ola Ruud
Kirsten Skarlund
Einride Tinjar
Torun Torsteinsrud
Sigrun Torsteinsrud
Sigurd Tveito
Nils Tørto
Toril Wøllo

FYLKESMÅLLAGET VIKVERINGEN

Bergfinn Aabø
Ruth Amdahl
Norunn Askeland
Børre Austmann
Eline Nordseth Berg
Rakel Berge
Rakel Bjerke
Reidar Bjørnerheim
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Sindre Bostad
Kari de la Cour
Nils Dårflot
Kirsten Osmo Eriksen
Brit Ragnhild Øydnå
Fisknes
Jon Fosse
Tor Gabrielsen
Olav Grimstad
Lars Grinde
Gunnvald Grønvik
Karl S. Halse
Øystein Havrevoll

Ola M. Heide
Sveinung Helgheim
Mildrid Helland
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Edvard Hoem
Kjell Peder Hoff
Erling Hokstad
Valborg Holten
Kjetil Torgrim Homme
Johannes Hope
Karin Strand Hovbrender
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Ingvild Huse
Olav Høgetveit
Ingeborg Hauge Høyland
Erling Indreeide
Øystein Jetne
Martha Rysjedal Johnsen
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Gunhild Kvålgard
Gina Kyvik
Tor Einar Ljønes
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Bjørn Mannes
Eldrid Midttun
Vesna Midttun
Norvald Mo
Per Helge Mork
Finn Måge
Johan Nedregård
Øystein Njål Nordang
Åse-Sigrunn Nyland
Torgeir Ose
Sylvi Penne
Anne Perstølen
Idar Gåsemyr Reigstad
Arild Magne Rekdal
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Ole Kristian Rosvold
Gunnar Rusten
Frøydis Marie Ruud
Gunn Karin Ryum
Mary Kristine Sandal
Kari Rysst Seemann
Gunnvor Fykse Skirbekk
Gudmund Bolstad Skjær
Astrid Skogen
Sigrid Skålnes
Inger Elise Solevåg
Ivar Solheim
Hanne Sperstad
Agnete Strand
Einar Strømnes
Oddmund Svarteberg
Bent Arne Sæther
Anne Joronn Sætre
Liv Ruud Thorstensen
Halvor Tjønn
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tormodsgard
Audun Orten Trovåg
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Ivar Vasaasen
Alvhild Venås
Werner Vesterås
Lars Sigurdson Vikør
Per Ivar Vaagland
Kristen Øyen
Trygve Åslund

HORDALAND MÅLLAG

Hallstein Aadland
Olav Aas
Norunn Agdestein
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Liv Ingrid Alvheim
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Håkon Askeland
Anne Line Asphaug
Erlend Bakke
Einar Bardal
Leidolv Berge
Arild Berge
Veslemøy Bergo
Kristen Bergsvik
Eli Bergsvik
Leif Olaf Birkeland
Gunnvald Bjotveit
Solveig Bjørsvik
Lars O. Bleie
Oddbjørn Borge
Arne Brattabø
Tor Brattebø
Nils Georg Brekke
Reidar Bremerthun
Gunvor Sigrun
Bringeland
Bjarte Brundtland
Endre Otto Brunstad
Nina Mork Brunvoll
Bjarte Bysheim
Aud-Sissel Bøe
Jostein Bønes
Vigdis Digernes Dahl
Arve Dale
Knut O. Dale
Magnhild Daltveit
Kristian Djuvland
Inge Draugsvoll
Julie Drevdal
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Jan-Egil Dyvik
Bjørnolv Johan Eik
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Jonas Meyer Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Øystein Erstad
Jarle Fanebust
Bergit Utne Fjelde
Arne Fjelde
Sverre Fjell
Tormod Folgerø
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Grethe Lie Gammelsæter
Jostein Gimmedstad
Oddny Gjeråker
Lars Gjostein
Knut Gramstad
Endre Grutle
Solveig Grønlien
Kjetil Grønås
Sigrid Gunnarskog
Ane Haga
Alvhild Halleraker
Gunnvor Halsøy
Anne-Lise Halveg
Johnny Handeland
Kirsti Handeland
Lars Ove Olafsson Harnes
Einar Hauge

Andreas Haugland
Eldfrid Haukenes
Åshild Haukås
Torbjørn Haukås
Jorunn Havro
Svein Heggheim
Eldar Heide
Sigbjørn Heie
Nils Helland
Bjarte Helle
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Linn Hjartnes Henjum
Jan Kåre Henriksbø
Kjartan Hernes
Britt G. Trefall Hernes
Bjørn Hestdal
Else Marie Kind Hevrøy
Olrun Hild Hillestad
Marit Hjartåker
Anbjørn R. Hjeltestad
Astrid Hjeltnes
Anne Margrete Hjemdal
Grete Oline Hole
Arnfinn Hopland
Helge Hopland
Oddmund Hus
Daniel Hydle
Nils Inge Haaland
Geir Instanes
Johanne Telnes Instanes
Else Jerdal
Sniolvur Joanesarson
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Ingunn Johanne Karlsen
Inger Lise Kippersund
Folke Kjelleberg
Solfrid Kleiven
Olav Kobbeltveit
Ståle Kolbeinson
Helga Kolstad
Johannes Landmark
Ane Landøy
Torfinn Langelid
Ingmar Lid
Terje Lie
Torgrim Ljønes
Bjørn Atle Losnegård
Kari Bolette K. Lundal
Bjørn Tore Lunestad
Olav Lydvo
Torun Lyssand
Audun Lødemel
Torstein Løning
Frode Mannsåker
Marit Bleie Mannsåker
Tone Eitrheim Midtbø
Inger Helen Midtgård
Lillian Morvik
Johan Myking
Jostein Mykletun
Einar Myster
Eldbjørg Møllerup
Johannes A. Måge
Oddvar Natvik
Marit Nedreli
Eli Karin Nerhus
Margrete Dorthes Ness
Bjørn Egil Nordland
Egil Nysæter
Odd Jøran Oldervik
Astrid Olsen
Paul Olsnes
Agnar Omvik
Anfinn Otterå
Olai Otterå
Kjell Paulsen

Johnny Ottar Pedersen
Svein Ove Ramsdal
Astrid Oddbjørg Reigstad
Berit Reinsaas
Lars Riise
Hans Otto Robberstad
Marit Sakstad
Inger Marie Saltnes
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Eli Dorotea Schille
Heidi Seilfaldet
Johannes H Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Bjørn Skarbø
Bjarne Skarestad
Olav Johannes Skeie
Gunvald Skeiseid
Ingunn Skjelvan
Arne Skjervan
Harald Skorpen
Anne Marie Skurtveit
Håkon Skår
Kari Smith
Jostein Småbrekke
Harry Solberg
Turid Solberg
Anders Soldal
Ragnhild Edith Solvang
Idar Stegane
Arjen L H Stolk
Helge Storebø
Gerhard Inge Storebø
Thea Sunde
Rolf Sigmund Sunde
Målfrid Sundvor
Åshild Sveinsgjerd
Kurt Svensson
Lars Børge Sæberg
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Leiv Sæbø
Kjell A. Sælen
Leif Helge Særsten
Olav Sønnesyn
Ingebjørg Søreide
Marta Norunn Tallund
Øyvind Teigen
Johannes Teigland
Roald Erling Tjore
Johan Torekoven
Kjell Torp
Torgeir Torvik
Hans Tveit
Oddbjørg Ulveseth
Sjur Uppheim
Målfrid Utne
Christine Valde
Kjersti Bergheim
Valdersnes
Brit Valland
Rigmor Nesheim Vaular
Randi Vengen
Lars Johan Veststad
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Jarle Kåre Vindenes
Ingebjørg Viste
Nils Ivar Østerbø
Marit Åkre

KARMSUND MÅLLAG

Sjur Moe Aakra
Steinar Aalvik
Magne Apeland
Reidun Hebnes Berge
Ingrid Marie Dale
Liv Helene Dalen
Asbjørn Djuv

Anne-Ma Eidhammer
Siri Eikemo
Bror E. Eriksen
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Marit Færevåg
Aud Grimstveit
Olaf Anfinn Hamre
Trygve Handeland
Magne Haugsgjerd
Siv Jane Hettervik
Torill Borge Horneland
Margot Ivesdal
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Kjell Egil Knutsen
Solveig Lunde
Lars Mo
Karin Molvik
Agnar Ståle Naustdal
Ragnhild Underhaug
Ness
Johannes Ness
Lars Gunnar Oma
Geir Ragnhildstveit
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Helge Skarestad
Olav Magne Skigelstrand
Njål Steinsland
Svein A. Strømme
Knut Tungesvik
Håvard Tvedte
Inghart Lasse Tveit
Åfrid Valheim
Jon Olav Velde
Ole Dag Østhus
Alf Harald Østrem

NORDLAND MÅLLAG

Anna Brandal
Arne Buene
Jakob Eitrheim
Jan Hana
Hallvard Kjelen
Tore Moen
Ståle Paulsen
Lodve A. Svare
Signe Petrine Åbergsjord
Kåre Belsheim
Arne Harald Tøsse

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Oddveig Olava Marie
Øren Aldal
Magnar Almberg
Jon Kristian Aune
Magna Torvund Bergem
Kjellaug Brørs
John O. Dønheim
Johannes Finset
Liv Rigmor Flå
Sverre Hatle
Jon Samuel Håbrekke
Liv Klaksvik
Olav Kvalvåg
Jorunn M. Kvendbø
Hanne Kvitberg
Hallvard Torbjørn Magerøy
Oddvar Moen
Tove Mogstad
Terje Ramsøy-Halle
Rolv Sæter
Eirik S. Todal
Elen Maria Todal
Ole Eimund Øverland

ROGALAND MÅLLAG

Gunnleiv Aareskjold
Anne Sofie Aarflot
Rolf Aarsand
Torstein Aartun
Sigmund Andersen
Kristen Bakka
Johannes Bakka
Lars Egil Bakka
Ola Birkeland
Bjarte Birkeland
Gjert Anders Saltskår
Bjerkevoll

Ingrid Bjerkevoll
Ingebrigt Botnen
Geir Sverre Braut
Marit Kyllingstad Bråten
Tor Inge Bråtveit
Kirsten Marie Bue
Jan Inge Buene
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Olaug Drarvik
Ellen Einervoll
Anne Farbu
Marit Fattnes
Åse-Berit Fidjeland
Solveig Moe Fisketjøn
Ingrid Fiskaa
Rønnaug Fjogstad
Oddvar Flatabø
Rune Folkvord
Otto Laurits Fuglestad
Bergny Gjesdal
Endre Gjel
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Bente Grødem
Vigdis Gullberg
Anny Hagesæter
Kari Ingrid Hatteland
Inge Haugland
Sverre Haver
Halvard Helseth
Jan Johansen Hempel
Tom Hetland
Kjell Birger Hetlelid
Rasmus Hidle
Arvid Horpestad
Arna Høyland
Tord Anton Haaland
Magne Jakobsen
Carl Aasland Jerstad
Anne Martha Kalhovde
Steinar Kjosavik
Magnhild Meltveit
Kleppa
Anne Margrethe Kolnes
Tore O. Koppang
Nils Ingvar Korsvoll
Herborg Kverneland
Reidar Kydland
Marian Langeland
Hallgeir Langeland
Magnhild Lid
Arne Lynghjem
Georg Løvbrekke
Ester Mossige
Reidar Nesheim
Svanhild Olianna Nessa
Knut Norddal
Pernille Nylehn
Ingvar Olimstad
Gina Osaland
Åshild Osaland
Marit Osland
Esther Ndayizeye
Philibert
Svein Ramsnes
Else Marie Lid
Rasmussen
Rigmor Refsnes
Oddbjørn Reime
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Magne A. Roth
Torhild L. Rørheim
Jørgen Sagevik
Oddbjørn Salte
Frode Sandve
Kari Liv Sandvik
Steinar Sandvik
Jostein Selvåg
Tor Øyvind Skeiseid
Ingeborg N Skjærpe
Martin Skrettingland
Kåre Skår
Hanna Småmo
Målfrid Snørteland
Tom Soma
Torgeir Spanne
Trond Spanne
Hans Spilde

Eg gjev mål-
gåve, så sant eg
kjem på det.

Jon Fosse

Elida Stangeland
Marit Rommetveit
Staveland
Gaute Steinnes
Audun Steinnes
Inge Kristian Sunde
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Hogne Sønnesyn
Dagfrid Søyland
Svein Kåreson Søyland
Liv-Sigrid Taylor
Erling Thu
Oddrun Tjeltveit
Rigmor Tornes
Kurt Tunheim
Arnvid Tveit
Margrete Tytlandsvik
Aslaug Marie Undheim
Kjellaug Undheim
Knut Vadla
Jone Vadla
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Reidar Vik
Atle Ingar Vold
Viggo Østebø
Ola Ådnøy
Arild Ånestad

ROMSDAL MÅLLAG

Roger Aakernes
Ingar Aas
Dagrun Gjelsvik
Austigard
Henning Austigard
Harald Baldersheim
Leif Erik Bolsø
Tordis A. Dahle
Berit Drejer
Siv Ragnhild Lindheim
Eikrem
John Ekroll
Per Bjørn Ellingseter
Einar Gridset
Arnhild Digernes Krøvel
Harald Krøvel
Jofrid Alvhild Moen
Ane-Kari Romestrand
Nils Sanden
Sven Erik Skarsbø
Astrid Skarsbø
Britt Elise Skram
Håvard Stavik
Marit Straumsheim
Ingar Sveen
Ivar Vereide
Kathrin Villa
John Edvard Voldseth

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Lise Aasen
Ragnhild Anderson
Venke Bakken
Ingunn Balevik
Gerd Barmen
Bente Kvernevik Berstad
Olaug Marie Bjelde
Reidulf Bjørlo
Astrid Dale

Jakob Devik
Nils Distad
Tryggve Dyrvik
Elianne Eggum
Tor W. Eikemo
Arne Eikenes
Gjertrud Eikevik
Kjell Erik Eldegard
Halvard Eri
Ingebjørg Erikstad
Inger Eikeland Flåten
Sverre N. Folkestad
Kjellrun Fossdal
Jan Olav Fretland
Ottar Færøyvik
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Oddvar Gjelsvik
Arne Gjeraker
Dagfrid Grepstad
Olav Grov
Borghild Guddal
Bjørn Atle Hagenes
Marta Finden Halset
Oddlaug Hammer
Bjarne Havro
Jon Heggheim
Gislaug Heinum
Olin Johanne Henden
Astrid Jorunn Henden
Helga Hjetland
Marianne Hoff
Alf Tore Hommedal
Ragnar Hove
Bjørn G. Hovland
Liv Husabø
Nils Husabø
Målfrid Husnes
Reidun Bergitte Håland
Martha Systad Iden
Toril Jakobsen
Ingunn Kandal
Asborg Leirdal Kjærvik
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Torhild Solheim Klævold
Ragnhild-Lise Furnes
Korsvoll
Aage Kvendseth
Hildegunn Kvistad
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Bjørn Ladehaug
Øystein Lavik
Einar Losnegård
Rune Lotsberg
Svein Lundevall
Sissel Randi Lysne
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde
Eldrid Morken
Maryan Georgsdotter
Mundal
Anny-Irene Mykkeltvedt
Kjell Magnar Myklebust
Knut Ole Myren
Ingunn Marie Myren
Olav Nedrebø
Gudlaug Nedreliid
Julie Kristine Ness

Gunnvor Ness
Astrid Marie Nistad
Ivar Bjarte Nord
Johan Nordvik
Elsa Norunn Nydal
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Oddbjørn Ramstad
Jon Ramstad
Eli Johanne Sefland Reite
Kari Rikheim
Sæmund Kjetil Rindal
Jostein Risa
Henning Leiv Rivedal
Jakob Ingert Rutledal
Bergljot Konglevoll
Rysjedal
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Steinar Røyrvik
Arve Sandal
Margret Sande
Margot Sande
Laila Hov Sandnes
Jorunn Sandvik
Marta Kari Schawlann
Anne Guri Schrøder
Håkon Sjøstad
Anders Skarestad
Einar Skeie
Olav Jonson Skjeldestad
Annlaug Sognnes
Synneva Kolle Solheim
Erik Solheim
Irene Stokker
Geir Liavåg Strand
Magn Jarl Stubhaug
Bård Støfringsdal
Sigrid Svartefoss
Kari Malmanger Svedal
Gunnhild Systad
Jorunn Systad
Bodil Bjørlo Takle
Ingrid Thy
Ivar Jostein Tjugum
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Ingebjørg Voll
Wenche Wie
Signe Witsø
Njål Ølmheim
Liv Østrem
Magni Øvrebotten
Liv Torheim Øvrebø
Vidar Åm

SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot
Ottar Aashamar
Torstein Paul Aksnes
Kristian Almås
Idun Schawlann Barsnes
Ingunn Bergem
Magne Bildøy
Sigmund Bjerkvik
Berit Bjørlo
Sverre Bjåstad
Veronika Bonaa
Ingval Bortne
Ole Arne Brubakk
Kari Elisabet Løvoll
Dalhus
Steinar Dimmen
Jarle Dyb
Marit Veiberg Eide
Ståle Eikrem
Ann Britt Våge Fannemel
Jørund Fet
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Arne G. Grimstad
Arnlfot Grimstad
Øystein Grønmyr
Per Halse
Severin Haugen
Jorunn H. Henriksen
Petter Magne Hjørungdal
Sigrunn Heggheim
Hovde
Kirsten Hundvebakke
Reidun Hunnes

Astri Hunnes
Ingrid Runde Huus
Ann Helen Kolås
Ingebrigtsen
Lars Innvik
Ove Kaldhol
Jørund Kile
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Jostein Korsnes
Pål Steinar Kringstad
Rune Kvalsund
Stein Olav Kvalø
Odd Larsen
Arne Lerheim
Svein Linge
Marit Myklebust
Sølvi Woldsund Myrhol
Brynhild Kåra Lund
Notøy
Arne Nydal
Magne Nærø
Trine Naadland
Lars Omenås
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm
Grete Strand Rekdal
Torbjørn Rekdal
Ottar Rogne
Torleiv Rogne
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Anni Selma Rusten
Merete Kristin Løvoll
Rønneberg
Grethe Østerhus Røyr
Nils Schwartz
Else Synnøve Skarbø
Reidar Skarbø
Gunnveig Marie Sollid
Skilbrei
Sindre Skurtveit
Margrete Slettebak
Jarle Solheim
Endre Standal
Ola L. Steinsvik
Sverre Sørдал
Ingrun Sørås
Geir Steinar Tandstad
Asgeir Tandstad
Reidun Klock Tjervåg
Asbjørn Tryggstad
Solveig Ulstein
Randi Flem Ulvestad
Torbjørn Urke
Inger Marie Urkedal
Jorun Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Sveinung Walseth
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Audun Aasmundtveit
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Tjostov Gunne Djuve
Olav Rune Djuve
Per Espeland
Knut Espelid
Olav Felland
Sigrid Fonnliid
Anne Karin Funner
Jon Funner
Asbjørn Gardsjord
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Nils K. Gjerde
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Ingebjørg Hanto
Gunnar Haugo
Neri Hestetun
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Halvard Jansen
Arne-Birger Knapskog
Erling Langleite
Kjetil Langåsdaalen

**MÅLGÅVE
MED VIPPS:
90540**

Olaf Langåsdaalen
Berit Listog
Tove Løyland
Sigrun Garvik Moen
Hilda Helene Neset
Jakob Olimstad
Inger Helene Olsnes
Anne Gunn Tveit
Parkinson
Kari Rustberggård
Børre Rønningen
Per Skaugset
Gunn Snaunes
Olav Solberg
Einar Leiv Søreide
Olav Tho
Anne Elise Thorvaldsen
Torkjell Tjønn
Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Gudny Anne Lid Unhjem
Tor Valle
Einar Versto
Johan Vaa
Halvor Øygarden

**TROMS OG
FINNMARK MÅLLAG**

Bente Benjaminsen
Per K. Bjørklund
Odd Borch
Terje B. Dahl
Nils Dannemark
Ingrid Dønnestad
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Torgeir Engstad
Astrid Fjose
Kjell Heggelund
Magne Heide
Olav Gaute Hellese

Olav Husabø
Kjellaug Jetne
Ragna Kvendset
Ellen Skjold Kvåle
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Magnar Mikkelsen
Oddrun Molvik
Kjell-Per Nilsen
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Rønnaug Ryssdal
Sunniva Skålnes
Anne Marta Steinnes
Grete Lien Stenvold
Greta Tjelle
Åse Utkilen

TRØNDERLAGET

Svein Aarnes
Reidar Almås
Egil Ingvar Aune
Eli Aune
Håvard Avelsgaard
Kjell Bardal
Ivar Berg
Arvid Bjørgum
Olaug Denstadli
Jan Finjord
Asbjørn Folkvord
Jon Olav Forbord
Arne A. Frisvoll
Anders Gjelsvik
Mia Gjessing
Jon Grønli
Anders Gustad
Liv Haugen
Lars Eirik Havdal
Eina Hermann
Kjellrun Hersund
Ola Huke

Kirsten Inderberg
Inger Sandvik Jarstein
Ragnar Jenssen
Åke Junge
Turid Kjendlie
Olav Kuvås
Kirsti Årøen Lein
Anne Leira
Jens Loddgard
Bjørge Lund
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Magne Måge
Ingrun Norum
Idar Næss
Helge Raftenvold
Herman Ranes
Olaug Reitås
Einar Rødergård
Rutt Olden Skauge
Oddny Pauline Skeide
Åsmund Snøfugl
Ingebjørg Sogge
Odd Sigmund Staverløkk
Randi Wold Stavrum
Arnt Stavseth
Laila Harriet Sve
Svein Bertil Sæther
Sverre Sævareid
Jan Sørås
Erik Tofte
Torbjørn Tranmæl
Harald Vik-Mo
Beret Wicklund
Aa. Bjørgum Øwre
Yngve Øye

VALDRES MÅLLAG

Gunnar Belsheim
Björg Berge
Kristine Brenden

Olav Gullik Bø
Inger Solveig Bøe
Anders Johnsson
Espeseth
Heidi Fosheim
Kjell Hagerup
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Bjørn Vegard Johnsen
Edmund Kvåle
Herman Leite
Bjørge Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Liv Aslaug Myhre
Nils Rogn
Ragnhild Solberg
Marit Eltun Svendsen
Per Gunnar Veltun
Åse Viken
Kari Bø Wangensteen
Ambjørge Westerheim

VEST-AGDER MÅLLAG

Tove Berulvson
Torbjørn Birkeland
Kjell Byremo
Anne-Berit Erfjord
Betsy Folkvord
Svein Harald Follerås
Grete Forgard
Randi Lohndal Frestad
Tor Marius Gauslaa
Bernt Gautestad
Torje Karsten Grindheim
Øyvind Grov
Ole Steffen Gusdal
Berit Fiskaa Haugjord
Magne Heie
Olav Torngv Hårtveit

Oddvar Jakobsen
Solveig Katterås
Inge Klepsland
Ståle Kongsvik
Kirsti Lavold
Solveig Stallemo Lima
Tom Arnt Lindeland
Målfrid Lindeland
Nils Salvigsen
Målfrid Slettan
Asbjørn Stallemo
Eva Haugen Sørgaard
Vidar Toreid
Aslaug Verdal
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Ole Johan Bjørnøy
Jan Brygffjell
Ragnhild Bilsbak
Hågen sen
Kjell Karlsen
Arne Kvernhusvik
Per Thorvald Larsen
Torun Nordgård
Eirik Olsson
Jorun M. Stangnæs
Jørn Egil Zøllner

YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun
Anne-Marie Botnen
Eggerud
Morten Elster
Elise Sundfør Erdal
Anders Bøyum
Halvorsen
Sissel Hole

Eirik Holten
Kari E Huus
Kjell Harald Lunde
Arne Exner Nakling
Borge Otterlei
Jon Ovrum
Frode Ringheim
Karl Inge Rotmo
Lars Helge Sorheim
Odd Einar Sørås
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Birger Valen
Vidar Ystad

**BEINVEGES
INNEMELDE**

Marit Einrem
Leif Elsvatn
Trond Hellemo
Egil Andreas Helstad
Robert Hermansen
Herborg Kråkevik
Herborg Lillebø
Tryggve Valberg



Ting årets adventskalender, og støtt Mållaget samstundes.
Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til **23 00 29 35**,
eller gå inn på nm.no/krambua.

MÅLLAGET INFORMERER



VERVEVEKA I OKTOBER

Frå 1. til 7. oktober er det den store verveveka i Noregs Mållag. Då samlast heile organisasjonen om å verve nye medlemmer til Mållaget. Frå den veka vert ein nemleg medlem ut heile 2026 for berre 200 kroner. Dei fem lokallaga som vervar flest nye medlemmer i løpet av veka, vinn fine vervepremiar. Som ein bonus fell «nobeldagen» 5. oktober midt i veka, dagen då det blei kjent at Jon Fosse fekk nobelprisen. I skrivande stund har 15 526 medlemmer betalt medlemspengar. Om me får 237 til å betale og vervar 237 nye, så når me målet vårt om 16 000 medlemmer for andre år på rad! Korleis bli ny medlem? Gå til www.nm.no!

SAMLING FOR NYE LOKALLAGSLEIARAR I OKTOBER

Lærerik samling for nye (og halv-nye) leiarar og/eller styremedlemmer, med gjennomgang av organisasjonen, medlemssystemet, aktivitetar, økonomi og verving. På skrivekstova i Oslo 17. oktober og 18. oktober. Info om påmelding og deltakaravgift kjem fyrste veka i september. Følg med i kalenderen på heimesida. Tilrådd!

HAUSTSEMINAR I OKTOBER

Korleis drive målarbeid etter valet i 2025? Vi inviterer til haustseminar med aktuelt program for nynorsken og Mållaget laurdag 18. og søndag 19. oktober 2025. Haustseminaret skal vere i Teatersalen i Nynorskens Hus i Oslo. Info om påmelding og deltakaravgift kjem fyrste veka i september. Følg med i kalenderen på heimesida.

NYNORSKSTAFETTEN TIL ROGALAND

I år gjestar Nynorskstafetten tolv kommunar i Rogaland. Vi samarbeider med Nynorskkommunane (LNK), Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret og Nynorsk bedriftsforum om programmet desse dagane. Stafetten byrjar i Sauda 3. november og blir avslutta i Time 21. november.

UNGE VAKSNE-SAMLING I NOVEMBER

Ei helg med faglege innleiingar og sosialt opplegg, med mål om å få mållagsmedlemmer mellom 25 og 40 år til å møtast og bli aktive i Mållaget. Seminaret er på skrivekstova i Oslo frå lunsj laurdag 22. november til lunsj søndag 23. november. Tenk gjennom kven som kan vere aktuelle frå ditt lag! Info om påmelding og deltakaravgift kjem i midten av september. Følg med i kalenderen på heimesida.

LANDSMØTE I NOREGS MÅLLAG

Noregs Mållag skipar sitt 104. landsmøte fredag 24. til søndag 26. april 2026 på Gardermoen. Landsmøtet vert på Radisson Blu Airport Hotel, like ved Oslo lufthamn. Landsmøtet er det høgste organet i Noregs Mållag og vedtek både politikk, strategi og økonomien for organisasjonen. Denne gongen skal landsmøtet også vedta nytt fireårig arbeidsprogram. Det vert aktuelle innleiingar, politisk ordsifte og val av nytt styre i Mållaget. Det blir gode kulturinnslag og bra målfolk frå heile landet, så dette er absolutt noko å få med seg. Møtet er ope for utsendingar frå lokallag, fylkeslag og yrkesmållag.

NYTT ARBEIDSPROGRAM

Arbeidsprogrammet fortel kva Noregs Mållag skal arbeide med frå 2026 til 2030. Hausten 2025 vil framlegg til nytt program kome ut på høyring i organisasjonen. Då blir det høve til å kome med innspel og endringar til programmet. Det er til slutt Landsmøtet 2025 som avgjer kva arbeidsprogrammet skal innehalde.

NYNORSK NÆRINGSLEVSPRIS 2025

Har du tips til kandidat? Send til nm@nm.no før 15. september!

Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,
gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjons-
og kommunikasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar,
tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemålsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,
ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons-
og organisasjonsrådgjevar,
tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Jógvan Helge Gardar,
redaktør Norsk Tidend (vikariat),
tlf. 95 07 88 18, helge.gardar@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen,
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,
tlf. 48 24 87 47, frida.mikkelsen@nm.no

Tonje Thorstad Kildal,
kommunikasjonsrådgjevar (vikariat),
tlf. 97 06 82 26, tonje.kildal@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

Leiar: Sebastian Vinsent Natvik
sebastian@malungdom.no
tlf. 99 50 80 11

Skrivar: Mari Kaslegard
mari@malungdom.no
tlf.: 97 34 28 64

Kontormedarbeidar:
Marie Løviknes
marie@malungdom.no / tlf. 95 14 47 05

Tilskrift: Dronningens gate 22
tlf. 97 34 28 64
norsk@malungdom.no

Kontonr.: 3450.65.48707 (målåver)



NOREGS MÅLLAG

nm.no

Tilskrift:
Dronningens gate 22
0154 OSLO

Telefon: 23 00 29 30
E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:
Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Nytt kontonr.: 3480 17 82851

Leiar: Peder Lofnes Hauge
95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Live Havro Bjørnstad
91 75 39 37 / live.bjornstad@nm.no

3 ■ 2025
Norsk Tidend
Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

Prent: Amedia Trykk
Opplag: 15 436
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonser:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 4000,-
Halvsida: kr 6000,-
Heilsida: kr 10 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtarar.

Stofffrist nr. 4, 2025:
10. november

Det er jo ikkje sånn at om innvandarane lærer nynorsk, så vil dei ikkje forstå bokmål.

Svein Olav B. Langåker, LNK

for hundre år sidan

Stortingsbrev
Maaldebatterne i Stortinget pleier ikke at gi noget positivt resultat.
Vestfinmarken,
17. juli 1925

Maaltanken
Arbeidarførarane har fyrr – mest alltid – vore folk frå yverklassa i byane – folk, som lite og ikkje vit hadde på norskdomsrørsla. Og arbeidarane, som har vore godt diciplinerte, har fylgt førarane sine i dette som i andre ting. (...) I det siste har arbeidarane meir fenge førarane or sine eigne rekkjor, og det er tvillaust grunnen til at sy-net deira på målsaki har vorte eit anna enn fyrr det var.

Høgskulelærer
Øystein Eskeland
i Sunnhordland,
31. juli 1925

Professor N. Gjelsvik
har i sumar vore paa Furuly hel-seheim paa Stord eit bil.
Gjelsvik som har gjort so mykje for nynorsken som lovmaal, up-plyser til «Gula Tidend», at han no arbeider med ei nynorsk juridisk ordlista.

Unglyden, 13. august 1925

Ny lærar ved Skaabu skule
Guddal har arbeidt i posten eitt aar og har vorte vel likt av alle, med eitt undantak: Skabo rigs-maalsforening. «Tillags aat rixen kan ingen gjera». For deira augo finn ikkje eingong Vorherre naade, dersom han talar nynorsk.

Unglyden,
14. mai 1925

Norsk ungdom og sund fornuft
Ingen i Norge må innbille sig at nogen reiser hjem på besøk og set-ter sig på en skolebenk for å høre foredrag på landsmål!

Johan Ovren, Wisconsin,
i Harstad Tidende,
4. september 1925

på tampen



Døden imellom oss

■ På ei av dei aller fyrste førelesingane eg tok då eg studerte asiatiske og afrikanske studiar, blei eg fortalt om språkdøden som herjar i Sør-Amerika. Over tjue år seinare sjokkerer denne opplysinga meg framleis djupt.

■ Det er på ein måte ulogisk – i ei verd der fascismen brått tek solvarmen frå oss som ei tjukk sky, der klimakrisa er den største trugselen for ei levande jord, der det er krig og folkemord fleire stadar i verda – det å bry seg om språk som døyr. Det stend jo ikkje om liv. Jamvel nagar denne frykta for språk-død meg, den same mekanismen nyttar eg når eg set dyrevelferd som ei av dei vikti-gaste sakene når eg røystar til stortingsval, sjølv om eg nok burde engasjera meg meir for straumprisane. Det er noko fullstendig irrasjonelt ved det, men det er veldig men-neskeleg.

■ I rasande tempo døyr små språk ut i Sør-Amerika, blir etne opp av glupskheita til spansk, til portugisisk. Desse er sjølv sagt språka urfolka i området snakkar, som xipaya i Pará-regionen i Brasil, som to per-sonar snakkar, eller Carijona, eit karibisk språk snakka av seks. I land der det er livs-farleg å vera urfolk og ein blir systematisk diskriminert, er dette ikkje overraskande.

■ Ser me tilbake i historia finn me folk som har forsvunne utan at dei har blitt drepne av andre folk, eller har opplevd totaløy-deleggande naturkatastrofar. Det dei har blitt utsette for er assimilering. Eit døme på dette er Hayato-folket i Japan, som hadde ein særeigen kultur og eige språk, som blei absorbert av japanarane. Fornorskinga av

samar og kvenar var det norske forsøket på dette sett i system.

■ Trass denne einsrettinga, som i stor grad kjem frå toppen, har me menneske jamvel vår eiga evne til å gjera det som kjennest som vårt, til noko særeige. Engelsk blir snakka over heile verda, men eg slit ver-keleg med å forstå karibiske kreolar, eller manglish, maylasisk kreol, sjølv om eg var i London kvar sommarferie som barn, og no omset frå engelsk til norsk.

■ I den store samanhengen verkar det kan-skje ikkje så viktig, me et, me søv, som det anatomisk moderne mennesket har gjort i ca. 350 000 år. Språk døyr og språk veks til live, men det er ein del av meg som kjenner på ein enorm motstand mot språkdød, som har lyst til å redda alle utryddingstruga språk i verda. Spørsmålet er om dette i større grad handlar om frykt for endring, eller om det er ei nødvendig konservering for å halda i live det mest spennande, mest mangfaldige sam-funnet me kan førestilla oss. Å vidareføra tra-disjonar som kan gje oss innblikk i historia.

■ Så kjem det menneskelege aspektet ved det, kjenslene me kjenner når me snakkar på morsmåla våre, dei forskjellige eigenska-pane ulike språk kan gje oss. Me tenker jo forskjellig på forskjellige språk, det påverkar til og med anatomien vår(!). Trass i at eg hadde bokmål på barneskulen, gjekk eg over til nynorsk som vaksen av di eg skriv betre skjønnlitterært på nynorsk. Ingenting ved dette er enkelt, men nett så eksistensia-listisk som døden er.

THARANIGA RAJAH

“ Det er ein del av meg som kjenner på ein enorm mot-stand mot språkdød, som har lyst til å redda alle utryd-tingstruga språk i verda.